

HEFTE NR. 2



Av Karl Johan Hallaråker

P
R
O
F
I
L
S
E
R
I
E
N

Bedehuset
— heim og misjonsstasjon

DET VESTLANDSKE INDREMISJONSFORBUND



Innhald

FØREORD	5
FRAMVEKSTEN AV INDREMISJONSRØRSLA OG DEI STORE VEKkingANE PÅ 1800-TALET	7
1. Gud sende sitt ord	7
2. Reformasjonstida	7
3. Pietismen	8
4. Tysk indremisjon	9
5. Vekkingensretningane på 1800-talet	9
6. Organiseringa av indremisjonsarbeidet på Vestlandet ..	13
LEKMANNSRØRSLA SINE IDEAL	15
1. Bibeltruskap	17
2. Vedkjenningstruskap	19
3. Vekking og misjon	21
4. Det allmenne prestedømmet og nådegåvene	25
5. Vennesamfunnet	32
6. Kyrkjesyntet	34
DET VESTLANDSKE INDREMISJONSFORBUND I NORSK KYRKJE- OG ORGANISASJONSLIV	39
1. DVI sin framvekst	39
2. DVI sin organisatoriske profil	41
3. DVI sin teologiske profil	44
BEDEHUSET EIN HEIM	57
1. Huset som ikkje vil døy	57
2. Småmøta	58
3. Forkynninga	60
4. Ansvar for rett lære og rett liv	65
5. Det diakonale ansvaret	67
INDREMISJONEN OG BEDEHUSET	69
1. Barne- og ungdomsarbeidet	69
2. Alle aldersgrupper må førast inn i vennesamfunnet ...	71
3. Indremisjonen og dei andre organisasjonane	72
4. Indremisjonen og åndeleg leiarskap	74
5. Indremisjonsstyret	75
6. Nye bedehuskrinsar	76
SLUTTORD	79
LITTERATURLISTE	80
STUDIEPLAN	82

Føreord

Manuskriptet til dette heftet vart for det meste til under opphaldet i Alta 1980.

Det var ei stor utfordring, men samtidig vanskeleg, ikkje minst grunna avstanden til Bergen og høvet til å drøfta stoffet med leiarane der.

Vonar likevel at heftet kan vera til hjelp for alle som kjenner seg heime i DVI sine ideal. Ein vert aldri ferdig med å fordjupa seg i arven for så å aktualisera han i liv og arbeid. Vonar også at fleire som ikkje kjenner denne arven, kan oppdaga kor klok og aktuell han er i vår tid.

Takk til DVI som gav meg oppdraget. Eg takkar særleg leiarinstruktør Johannes Kleppa for godt samarbeid, og redaktør Jens M. Rognsvåg og kontordama hans som fann fram mykje verdfullt stoff frå Sambåndet sine mange årgangar.

Karl Johan Hallaråker.

Lekmannsarven er ein arv vi gjerne vil ta vare på og forvalta på ein god måte – fordi vi trur det tener Guds rike.

Skal dette kunna skje, må vi stadig få innføring i og påminning om kva arv dette er. Til det treng vi eigna litteratur. Difor er vi glade for dette heftet og takksame til Karl Johan Hallaråker som har skrive det. Tilrettelegginga av stoffet vitnar om grundig arbeid med materialet og engasjement i saka.

Vi takkar også Randi Vevle som har laga teikningane.

Heftet er det andre i «Profilserien» og vil vonleg vera representativt og vegleiande for DVI sin «Bedehusprofil». Vonleg vil det vera ein reiskap i Guds hand til å inspirera til fornya innsats i lekmannsarbeidet.

Johannes Kleppa
leiartrainingsinstruktør

Framveksten av indremisjonsrørsla og dei store vekkingane på 1800-talet

1. GUD SENDE SITT ORD

Tusenårig tradisjon

«Du sende ditt ord til Noregs fjell, og ljøs over landet strøynde.» Slik syng vi med sanning. «Fedrane kyrkja i Noregs land» har ein mest tusenårig tradisjon her nord. Om mangt var skrøpeleg, har nådemidla vore i funksjon. Anden har såleis hatt sine reiskapar og menneske har vorte atterfødde til ei levande von.

Å følgja Guds veg gjennom vårt folks søge er eit mykje interessant studium. I vår samanheng er det naturleg å starta med «vekkelsens og foreningsdannelsens århundre» (Wiig Sjur-sen). Men før vi kjem dit, lat oss få med oss nokre historiske poeng.

2. REFORMASJONSTIDA

Ein ny dag i kyrkja
si historie

Her lyt vi gjera eit kort, men viktig stopp. For «da Luther under sitt inntrengende arbeid med Skriften fant den nådige Gud i det gjenoppdagede evangelium om frelsen av nåde ved tro for Jesu Kristi døds og oppstandelses skyld, da demret en ny dag i kirkens historie.» (C. Fr. Wisløff) Ja, i sanning ein *ny* dag, og likevel ikkje ny. Det var «det gjenoppdagede evangelium» som lydde.

«Det gjenoppdagede
evangelium»

Menneskelege prestasjonar og fromme gjerningar var komne inn mellom Gud og menneske. Men dette er ikkje kva det fortapte menneske greier seg med i møte med den heilage Gud. Her held berre Jesus og det han har gjort. Dette er reforma-sjonen sin grunnleggjande budskap. Det sanne evangeliet om frelsa av nåde åleine ved trua åleine for Jesu skuld åleine.

Brot med den katolske
kyrkje — ikkje med
Guds sanne kyrkje

Overgangen til den lutherske kyrkja var brot med den ka-tolske kyrkja som hadde svikta dette evangeliet. Men det var ikkje brot med den Guds kyrkje som nettopp lever av det sanne

Luthersk vedkjenning evangeliet. Luthersk truvedkjenning er ikkje å forstå som ei særvedkjenning, men som ei vedkjenning til Bibelen som har all autoritet. «Skriften alene skal oppstille trossetninger og ellers ingen, ikke engang en engel.» (Luther) Men som vedkjenning til Bibelen er også dei lutherske vedkjenningsskriftene viktige – så ikkje einskildmenneske skal lesa Bibelen etter eigen tanke om han er aldri så from.

3. PIETISMEN

Ph. J. Spener Ph. J. Spener (1635–1705), pietismen sin far, er den nye lampa på åndshimmelen som må nemnast. I tilknytning til ei ny utgåve av Johan Arndt si viktige bok, «Den sanne kristendom», trykte Spener sitt eige program, *Pia desideria* (fromme ønskje). Johann Arndt (1555–1621) høyrer til dei aller største forkynnarar i den lutherske kyrkja. Han er vel det største lyspunkt i ortodoksien og fekk stor verdi for den seinare pietismen.

Johann Arndt

Pia desideria Med *Pia desideria* vart Spener Guds reiskap til nytt elveleie for den evangeliske åndsarven. Spener var truas og bønans mann, ein «av dei audmjuke som Gud gjev nåde.» «Derved blev han Lutherdommens anden Reformator.» (Holmquist–Nørregaard)

Spener peika på den forfalne tilstanden i den evangeliske kyrkja. Det var difor om og gjera for han å staka ut ein kurs for å endra situasjonen: den einskilde si omvendning og at kristendommen vart omsett i det praktiske livet.

Spener sitt program: Med dette for auga sette han opp programmet sitt i seks punkt. Vi tek med dei viktigste i vår samanheng.

1. Guds ord må få større utbreiing mellom folk – konventiklar (småmøte), regelmessig husandakt i heimane, fleire bibeltekstar måtte nyttast i kyrkjene.

2. Lekfolket må koma med i sjelevinnartenesta. Deira rett til å arbeida for frelse for sine medmenneske må verta anerkjend i samsvar med læra om det allmenne prestedømmet i Bibelen og hos Luther.

3. Kristentraua må syna seg i praktisk nestekjærleik.

4. Forkynninga må verta levande og aktuell til oppbygging og fromt liv og ikkje fine kunstprodukt berre.

Thomas von Westen Mellom dei aller første pietistiske teikna i Noreg er den kjende «sjustjerna» i Møre og Romsdal med Thomas von Westen som leiar. Den mannen som meir enn dei fleste har namnet sitt knytta til norsk kristenliv i pietismen sitt århundre (1700 talet), er biskopen i Bergen, Erik Pontoppidan (1698–1764).

Erik Pontoppidan Hans innverknad på kristenlivet er merkbar i mange samanhengar. Leiarane i DVI har og frå først av knytta nettopp til

«Sannhet til
Gudfryktighet»
= retningsgevande
for DVI

Pontoppidan. «Skulle noko nemnast spesielt i samband med Forbundet sitt læresyn, måtte det vera Erik Pontoppidan si bok: Sannhet til Gudfryktighet – denne boka (har gjerne) blitt teken fram når det har kome til strid om læra. Ikkje minst gjeld dette i synet på dåpen» (M. Landro i Leiarboka). Denne boka, Sannhet til Gudfryktighet, skreiv Pontoppidan på oppdrag frå kongen som lærebok til konfirmantundervisninga. Boka kom ut i 1737 og inneheldt 759 spørsmål og svar. Alt året etter vart boka sams konfirmantbok for alle. Både gjennom dette at boka var sams grunnlag for alle og sitt klåre pietistiske innhald, har ho ført med seg uendeleg mykje velsigning til vårt folk.

Konventikkelplakaten
= eit mørkt punkt

Pietismen inneheldt også eit mørkt punkt, nemleg innføringa av konventikkelplakaten i 1741. Poenget var å regulera samlingane om Guds ord med positivt sikte mot utgliding. Men den prestelege kontrollen og stengsla for lekmannsforkynning var ikkje omsorg tufta på Bibelen sin grunn. Ein kan med rette spørja kvar det hadde vorte av Speners tale om lekfolket sin plass eller det allmene prestedømmet i Luthers reformasjonsteologi!

Johann Hinrich
Wichern

4. TYSK INDREMISJON

Tysk indremisjon er forløparen for den norske. Pioneren her var Johann Hinrich Wichern (1808–81), mannen som vert rekna som indremisjonen sin far.

Wichern sitt arbeid hadde utgangspunkt i «Rauhes Haus», ein kristen sosial institusjon for foreldrelause gutar som han starta i 1833. Ut frå trongen etter å utdanna medarbeidarar til arbeidet sitt, starta han eit seminar for indremisjonen.

Misjonsarbeid mellom
døpte og fråfalne

Wichern såg klart at det var ikkje berre naudsynt med misjon utanfor kyrkja og dei kristne landområda. Det er naudsynleg med misjonsarbeid mellom dei døpte og fråfalne. Desse må kallast tilbake til Kristus og få ei levande tru.

Indremisjonstanken flamma opp mange stader i Tyskland frå 1840-åra. Slik spreidde det seg også vidare utover – etter inspirasjon frå Wichern sitt arbeid.


5. VEKKINGSRETNINGANE PÅ 1800 TALET

Det er ei rad med faktorar som førde til organiseringa av indremisjonsarbeidet i vårt land, eit arbeid som til slutt vart organisert i to store landsomfattande organisasjonar, Det norske lutherske Indremisjonsselskap og Det Vestlandske Indremisjonsforbund. Vi skal her nemna dei viktigaste vekkingsrørslene som hadde innverknad på denne prosess.

HAUGE OG HAUGIANISMEN

Hans Nielsen Hauge
(1771—1824)

5. april 1796 er datoen som startar Hans Nielsen Hauge (1771—1824) sitt endra liv og store gjerning. Hit knyter han nemleg sitt åndelege gjennombrøt. Bak pløgen gjekk den unge mannen og song «Jesus din søte forening å smake.» Denne dagen begynte Gud å syna Hauge ei anna åkerjord som han ville ha han til å så og hausta i.



Hauge opplevde dette som ei djuptgripande hending som prega heile livet hans seinare. Det vart til stor trøyst og kraft i åra som skulle fylgja med mykje motgong og vanskar.

Innverknad på mange
sider av norsk ånds-
og samfunnsliv

Hauge og den seinare haugerørsla har hatt stor innverknad på mange sider av norsk ånds- og samfunnsliv. Men Hauge sitt eigentlege kall var å forkynna Ordet til omvending og nytt liv. Det var også dette som valda den største motgongen – dei lange fengselsåra. Den før nemnde konventikkelplakaten fastslo at lekfolk hadde ikkje løyve til å forkynna Guds Ord. Forkynninga måtte vera under presten (embetet) sin kontroll. Prestane skulle også sjå til at det ikkje føregjeikk noko som var «imot Guds Ord eller kirkens og Statens Indretning.» Mange burde lesa Hauge si livssoge. Her kan vi berre samla hans åndelege gjerning i nokre korte punkt.

Forkynninga var
hovedsaka

Hauge si åndelege gjerning:

1. Klårt syn for omvending og nytt liv.
2. Fridom for lekmannsforkynning.
3. Samling av dei vakte og truande i vennesamfunn med åndeleg leiarskap.
4. Vakt om den sanne læra gjennom kontroll av forkynninga og kristen litteratur.

I sanning ein arv å ta vare på!

Sognebonden Erik Venjum

Først atten år etter Hauge sin død vart den mørke flekken som heiter Konventikkelplakaten fjerna frå lovverket (1842). Etter tre stortingsvedtak kunne ikkje regjeringa nekta sanksjon. Kva velsigna vårflaum som då strøymde fram, er norsk lekmannsrørsle vitnemålet om. Sognebonden Erik Venjum skreiv då sin song som framleis bør ha god klang hos alle som ønskjer å stå for lekmannsrørsla sine ideal. «Hav takk o Fader kjær for sådan frihet er, at vi i fred kan tales ved om det som hør til salighet.»

Men enno var ikkje slusene opna på alle kantar for dei som ville «arbeide for frelsa for sine medmenneske i samsvar med læra om det allmenne prestedømmet i Bibelen og hos Luther.» (Spener). Stortinget hadde gjeve lekfolket sin rett, men det var andre som ikkje bytta syn over natta.

«Retteleg kalla»

I det lutherske vedkjenningskriftet, Confessio Augustana (CA) heiter det i art. 14 at i kyrkja «bør ingen læra offentleg eller forvalta sakramenta utan at han er retteleg kalla.» Difor kunne ikkje storparten av prestane gå med på å opna for lekmannsforkynning. Retteleg kalla var etter deira meining dei ordinerte prestane.

GISLE JOHNSON OG LUTHERSTIFTELSEN

Mannen som kom til å stå i brennpunktet frå midten av det forrige århundret, var teologiprofessoren Gisle Johnson (1822–1894).

Klår forkynning av lov og evangelium

Ikkje berre dåpen, også Ordet er atterfødingsmiddel

Johnson stod i store vekkingar. Med si klåre forkynning av lov og evangelium fekk han og stor innverknad på den haugianske forkynninga som frå først av var lovisk prega. – Eit poeng hos Johnson var at ikkje berre dåpen, men og Ordet var atterfødingsmiddel. Utelukkande konsentrasjon om dåpen som atterfødingsmiddel såg han som hindring for vekking. Eit slikt standpunkt er «ikke alene aldeles fremmed for vor Kirke, men ogsaa i aabenbar Strid med Guds klare og tydelige Ord.» Gjennom dette standpunktet kom Johnson og til hjelp mot baptistiske tendensar, og hjelpte såleis vekkingsfolket til å vera true mot den lutherske arven. (Her ligg nok stoff til ettertanke for teologar og teologilærarar den dag idag.)

«Nødsprinsippet»

Men i forståinga av CA 14 var ikkje «vekkingsprofessoren» heilt på lekfolket si side. Kallet til å arbeida offentleg for evangeliet var for han knytta til den offisielle kyrkja, og berre i nøds-tilfelle kunne truande ta opp arbeid sjølv. Forvaltninga av Ordet og sakramenta låg normalt under embetet. Slik var Gisle Johnson sitt syn, og eit syn han vel aldri gjekk frå. Men nettopp fordi kyrkja var i åndeleg nød, må kyrkja sjølv ta lekfolket i bruk for å auka forkynning og sjelesorg. Det er kalla «nødsprinsippet» og er knytt til Gisle Johnson sitt namn. I striden som følgde kan vi seia at det kom fram tre syn. Gisle Johnson sitt nødsprinsipp var eit mellomstandpunkt.

W. A. Wexels — dei høgkyrkjelege

På den eine sida stod dei meir høgkyrkjelege i brodden som avgrensa det allmenne prestedømmet med W. A. Wexels si «forkynning» til vitnemål i livet og i heimen. På den andre sida stod dei som kjempa for lekmannsforkynninga sine fulle rettar. Dei ville ikkje slå seg til tåls med å leve på «nødsprinsippet», men på den overtiding Ordet gav dei. Difor kunne dei heller ikkje lata CA 14 verta ein ny konventikkelplakat som skulle stengja dei ute frå Guds kall i Ordet. «Grensene for den troendes virksomhet faller sammen med grensene for hans nådegavé», som Jakob Sverdrup sa det. Til denne gruppa hørte vest-lendingane.

Kampen for lekmannsforkynninga

Den norske Lutherstiftelsen

I debatten om landssamanslutning av indremisjonsarbeidet spela også dette spørsmålet stor rolle. Då Den norske Lutherstiftelsen vart grunnlagt i 1868 var det nødsprinsippet som råde grunnen. Formelt var det lina like til Lutherstiftelsen i 1891 vart omdanna til Det norske lutherske Indremisjonsselskap.

Carl Olof Rosenius (1816—1868)

Klårare evangelisk grunntone enn haugianismen

Impulsar frå Rosenius til leiarar i DVI

ROSENIUS OG ROSENIANISMEN

Få har hatt meir innverknad på forkynninga i Norden enn den svenske predikanten Carl Olof Rosenius (1816—1868). Den rosenianske forkynning hadde klårare evangelisk grunnpreg enn den haugianske. Kristi stedfortredande gjerning sto i fremste rekkje. Hans forkynning har hatt stor innverknad også i vårt land.

Utallige har gjennom «roseniansk forkynning» fått «vegledning til fred» og fått kvila på «nåden i Guds hjarta». Fleire av dei første leiarane og predikantane i DVI hadde ballast frå Rosenius. Hos han henta dei ikkje berre impulsar til evangeliesynet, men og til kyrkjesynet. Rosenius fann ingen prinsipiell skildnad på presteembetet og det allmene prestedømmet som alle truande har

Kyrkjesynt

del i. Han syner m.a. til Kol. 3, 16 der apostelen talar om å læra og formana kvarandre innbyrdes. Det forstås Rosenius slik at Paulus gjer læreembetet sams for alle truande. Saman med dette embetssynet stod og hans kyrkjesynt. Kyrkja er Guds folk ut over heile jorda. Den ytre organisering av kyrkja hadde mindre plass hos han.

Kyrkja

For Rosenius er kyrkja «de helliges Samfund som består af de levende Kristi Lemmer i alle Kirker og Samfund, som have Kristi ord, denne eneste nødvendige Sæd til Guds Rige, og som derfor ere adspredte omkring i hele Verden.»

Kristus held evangelie- og kyrkjesynt saman

Det er Kristus som held evangelie- og kyrkjesynt saman for Rosenius. Han er det einaste kjenneteikn. «Ja, dette er det udmærkede Tegn – men heller intet andet. Vi skulle vogte os for at tillægge andre Tegn end dem, som Herrens eget Ord har oppgivet.» Han kallar Kristus kyrkja sin hovudbrønn til liv, og «ordet og sakramenterne (er) egentlig kanaler fra den store hovedbrønd. Og hvem kan udsige al den Husvælelse og Vederkvælgelse vi have i disse brønde.»

Det er eigentleg lett skjønleg at tonar som desse fekk verknad for framveksten av det frie lekmannsarbeidet som skulle grunn-gjeva både vennesamfunna og forkynninga sin rett overfor statskyrkja og presteembetet.

6. ORGANISERINGA AV INDREMISJONSARBEIDET PÅ VESTLANDET

Fråhaldspredikanten Johan Petter Gjertsen

Oppstarten til dette er knytt til ein fråhaldspredikant, Johan Petter Gjertsen, som verka frå midten av attenhundretalet. Før denne tid var det danna fleire grupper både av hernhuttisk preg og haugianske vennesamfunn. Lokale venneflokkar verka både for indre og ytre misjon. Som kjent vart jo ytre misjonsarbeidet organisert i Det norske Misjonsselskap i 1842.

Det norske Misjonsselskapet

Dette fekk også mykje å seia for den seinare utviklinga. «Misjonsselskapet er et plogjern som ble satt i norsk jord, og i dets furer har vi så alle sammen siden sådd. Alle senere kristelige organisasjoner er stiftet etter mønster av Det Norske misjonsselskap». (Fr. Wisløff).

Men syn for å danna ein organisert indremisjon var det enno ikkje på denne tida.

Gjertsen som hadde reist over store delar av landet kjende til at det var stifta indremisjonsforeningar på Austlandet. I 1863 oppmoda han til å stifta indremisjonsforening i Bergen. Det slo

godt til. Alt same året den 16. des. vart «Foreningen for Indre Mission i Bergen og Omland» stifta med 80 medlemmer. Sjølv om det vakte ein del motstand frå prestane, organiserte indremisjonsfolket foreningen som ein fri og sjølvstendig indremisjon. Den same Gjertsen stod og bak organiseringa i Sunnhordland. Seinare kom den eine organisasjonsdanninga til etter den andre på Vestlandet. Då DVI held sitt stiftingsmøte i Bergen var i alt 48 foreningar og fellesforeningar representerte.

Lekmannsrørsla sine ideal

Tre grunnsetningar:

Vekkingrørsla i vårt land har hatt særleg tre grunnsetningar for arbeidet sitt.

1. Guds ord skal forkynnast reint og klårt til vekking og omvendning.

2. Kvar truande skal i kraft av det allmenne prestedømmet tena etter si nådegåve.

3. Dei truande skal samlast i det heilage samfunnet, venne-samfunnet som sin åndelege heim.

Vi skal i det følgjande sjå nærare på dette, og prøva å setja ideala inn i ein større samanheng. Kva er djupna i ideala? Kva er den teologiske og praktisk-kyrkjelege grunngevinga for dei? Her ligg utfordringar til oss alle.

To presiseringar er nødvendige.

Ideal — detaljer — nyansar — hovudliner

For det første lyt vi vera klår over at når vi teiknar ideala så er det ikkje eintydige detaljar (det har alltid vore plass for nyansar både innan og mellom organisasjonar knytt til bedehuset), men hovudliner som bedehusfolket har kjend seg heime i. Det må og seiast at ideala skal sjølvstøtt ikkje følgjast i sjukeleg (nostalgisk) fedredyrking. Vi har ansvaret med å gå inn for Guds andlet og be oss ut lydnad til å følgja kursen vi får tru for i vår generasjon (som fedrene i sin, og neste generasjon i sin). Men her legg vi gjerne til: Di meir vi arbeider med ideala frå fedrene for Guds andlet og i lys av vår tid, vil vi visseleg sjå at det er ikkje nye ideal vi treng. Vi treng meir visdom frå Gud og åndskraft til å følgja dei i bøn om at Herren må «gje oss samme lys og kraft som fedrene har hatt.»

Ikkje nye ideal, men ny visdom og åndskraft

«Lek» — lekfolk

For det andre nokre presiseringar til ordet «lek». Til vanleg tenkjer vi på personar utan fagleg utdanning. Vi som ikkje har medisinsk utdanning er lekfolk i høve til lækjarane. I kristen språkbruk tenkjer vi på personar utan teologisk utdanning, og

Ideala i sentrum

Lekmannsrørsla = dei
truande som høyrer
heime i bedehuset

Presteembetet
og rådsorgana

/eller personar som ikkje er ordinerte til prestar (lek – geistelig). Men i lekmannsrørsla går eigentleg ikkje skiljelina her. Det finst prestar og teologar som alltid har stått saman med lekfolket i syn og arbeid. Ja, som har vore mellom dei fremste til å målbera dette synet. På den andre sida finst det lekfolk som står dei gamle ideala i lekmannsrørsla imot. Difor ser vi det viktig å ha *ideala* i sentrum. Dei skapar dei klåraste linene. Med lekmannsrørsla forstår vi her dei truande som høyrer heime i bedehuset i norsk kristenliv, og som har funne sin plass i det frie og sjølvstendige organisasjonsarbeidet i Den norske kyrkja.

Lekmannsrørsla måtte i første tida kjempa og avgrensa seg mot å verta underlagd presteembetet. Det vil alltid vera viktig. Men seinare har det vore like viktig å markera sitt sjølvstende overfor rådsorgana som har kome til i den offisielle kyrkja.



1. BIBELTRUSKAP

Sigurd Odland

Historisk kan vi hevda at det truande lekfolket har vore bibeltruskapen si solide støtte i folket vårt. Visseleg har teologar og prestar teke harde tak i striden. Tenk berre på professor Sigurd Odland som slutta på Det teologiske fakultetet då den liberale teologen Johannes Ording vart utnemnd til teologisk lærar. Odland var som kjend grunnleggjaren av Menighetsfakultetet.

Biskop Heuch —
«Mot strømmen»

Ikkje minst kan vi tenkja på Biskop Heuch som i 1902 skreiv «Mot strømmen» som vel må reknast som det første vesentlege kampskriftet mot den liberale og rasjonalistiske teologien som seig inn over landet (helst frå Tyskland.) Heuch var frå først av ingen «lekmannsven». Hans aristokratiske og høgkyrkjelege embetssyn hindra han frå det. Han var i framveksten av lekmannsforkynninga i forrige århundre ein av dei argaste motstandarane. Han spådde lausslopne tider om vi fekk lekpreikarar og frie organisasjonar. Men Heuch var stor nok til å endra syn på lekfolket etter som han gjorde røynsle med dette folket i kampen mot den liberale teologien. Vi får eit interessant innblikk i dette gjennom ein artikkel om kyrkjestrident, Sambåndet 9/1906 skreve av Andreas Lavik. Lavik nemner kvifor lekfolket med gleda hadde slutta opp om Heuch. Han førde kampen ut frå Guds ord, seier Lavik, og han stod midt oppe i dei kristne sin leir og han forstod levande kristendom. Lavik nemner der at Heuch hadde skreve til han og nemnt at han sørgde over at så få prestar stelte seg ope på biskopen si side i kampen mot den liberale teologien, men derimot stod mange lékfolk med. Når det gjaldt utnemninga av Ording sende lekfolket sterk oppmoding om ikkje å nemna ut den liberale teologen.

Heuch og lekfolket

Omsorg for Guds ord
— kyrkjetruskap

Ser vi nærare på denne omsorga for Guds Ord, vil vi merka den store kyrkjetruskapen som eigentleg ligg bak. Utan den ville lekfolket ha marsjert ut på bakgrunn av den «kjærleiken» dei møtte hos mange prestar. Etter at Ording var utnemnd kom det ein kraftig sakramentsstrid. Ording sitt manglande syn for det bibelske innhaldet i Jesu forsoning gav seg naturleg nok utslag i ubibelsk og rasjonalistisk syn på sakramenta. Det var særleg nattverden striden stod om.

Reformerte og
ukyrkjelege?

Nå kom mange prestar med i striden. Men våpna retta dei ikkje mot Ording først og fremst, men mot det truande lekfolket. Dei vart skulda for å vera både reformerte og ukyrkjelege. Dei mangla syn for nådemidla sitt verde. I ein avisartikkel vart det til og med hevda at utnemninga av Ording var Guds straffedom over lekfolket sin store ukyrkjelegdom og manglande sakramentssyn! Vart ein berre kyrkjelege nok, og sakramentmedvitne nok, ja då ville alt ordna seg. Det var ikkje rart at Lavik

kommenterte slik: «Det gir et sterkt indtrykk af, at det, som endelig maa trænges frem, det er den stives kirkelighed.»

**Lekmannsrørsla
= bibeltrusken si
beste støtte i skrift
og tale**

Lekmannsrørsla har alltid vore bibeltrusken si beste støtte i skrift og tale.

**Prøving av
predikantane og
litteraturen**

Historiske lyskastarar er først og fremst to. Hans Nielsen Hauge mana til grundig prøving av predikantane og i testamentet sitt gav han følgjande vegleing om litteraturen. «Der maa ingen lese eller udbrede bøker av ukjente forfattere før de ere blevet nøie prøvet af de eldste i menigheden.» (– av leiarane i vennesamfunnet). Det andre lyset vart tent i Calmeyergatens misjons- hus i 1920. Her var tusen utsendingar for kristenfolket i landet samla med sine leiarar. Her vart det staka ut klår kurs og bibeltru praksis som lekmannsrørsla har ønskt å følgja. Bibeltru kristne skulle ikkje gå inn i friviljug samarbeid med ein som hadde brote med Bibelen sin autoritet. «Innen det frivillige kristelige arbeid vil vi vaake over at det som tillitsmenn og arbeidere kun velges folk som uforbeholdent stiller seg på Skriftens grunn etter vor kirkes bekjendelse». («Calmeyergate- lina»).

«Calmeyergate-lina»:

Sjå nærare om bibelsynet hos Arvid Joramo, hefte nr. 1 i «Profilserien».

**Leiaransvaret og
forkynnaroppgåva**

Her vil vi berre leggja til: I det friviljuge arbeidet på bedehuset som vi sjølve har råderett over, skulle vi ikkje gje leiaransvar eller forkynnaroppgåva til personar om dei ikkje kan uttrykkja full tillit til Bibelen som Guds Ord og som vår evangelisk lutherske vedkjenning vitnar om.

Å stå for dette idealet er ikkje berre fedrearv, men i samsvar med den vegen Bibelen sjølv syner oss: «De kjære, tru ikkje kvar ei ånd! Prøv åndene om dei er av Gud! For mange falske profetar har gått ut i verda.» 1. Joh. 4, 1.

**Forsvar av
vranglærarar**

I dag står teologar og lekfolk fram og talar medvite i strid med Bibelen. Og det som er enno meir forkludrande: Teologar og lekfolk forsvarar slike vranglærarar. Desse forsvararane er det som ikkje minst forvanskar bibeltrusken i kyrkja.

**Nei til vranglæra
—Ja til Guds ord**

Til idealet om bibeltrusken høyrer eit avgjort nei til vranglæra. Men vi må likevel leggja til: Idealet får sitt djupaste innhald gjennom at dei truande lever i Guds ord som sitt rette livs- element. Djevelen er lite redd folk som har bibeltrusken på tunga medan egne tankar rår grunnen i hjarta og livet! Difor må Bibelen vera vårt daglege brød i heim, arbeid og vennesamfunn.

2. VEDKJENNINGSTRUSKAP

Truskap mot Bibel og vedkjønning = to sider ved same sak

I samband med truskapen mot Guds Ord er det naudsynleg å nemna nokre ord om truskap mot den evangelisk lutherske truvedkjønninga. I lekmannsrørsla er dette to sider av same sak. Alle organisasjonane sine lover uttrykkjer dette klårt. DVI har uttrykt sitt grunnlag gjennom paragraf 2 slik: «DVI byggjer arbeidet sitt på Guds Ord og den evangelisk-lutherske vedkjønning. På dette grunnlaget kallar og sender Forbundet ut arbeidarane sine.» Det same grunnlaget gjeld innan heile organisasjonen regionalt og lokalt.

Treng vi ei vedkjønning?

Stundom har ein høyrte at truande talar nedsetjande om vedkjønningsskriftene. «Eg held meg til Bibelen og treng difor ikkje noko vedkjønning.» Granskar ein slike utsagn litt nærare, må ein vedgå det er ikkje særleg djupttenkt. Saka er jo den at vi har alle vår vedkjønning enten ho er skriftleg eller munnleg. Den siste er oftast diffus og svingande. Det er klårt at alle har krav på/rett til å tru som ein sjølv vil. Det lyt vera ei sak mellom den einskilde og Gud. Men det som ikkje er ei privat sak berre, er ein organisasjons/eit kyrkjesamfunns læregrunnlag. Det må vera klårt. Dei som ikkje finn å kunna etterleva det, er mest redelege om dei går ut og arbeider i den samanheng dei har tru for.

Den personlege tru — livet og læra

Ikkje få tenkje som så. «Det er livet og den personlege trua det kjem an på, og læra er ikkje så viktig.» Slike burde verta klare over at slik innstilling lett fører til/opnar for vilkårlig subjektivisme, vranglæra og ofte svermeri. Slik tankegong stemmer ikkje med Guds Ord. «Men om vi sjølve, ja, om ein engel frå himmelen skulle forkynna dykk eit anna evangelium enn det vi har forkynt, så skal han vera forbanna!» Gal. 1, 8. Det må vera slik, for trua kjem jo nettopp av den sanne bibelske læra. (Rom. 10, 17). Difor er det og at apostelen seier vi skal gje akt på læra. «Så skal vi ikkje lenger vera umyndige, ikkje la oss kasta hit og dit og driva om av kvart lærdoms vær, så vi vert eit bytte for menneska sitt falske spel og villfaringa sine listige kunstar.» Ef. 4, 14.

Tru og lære:

«Tro og lære må ikke skilles ad. Lære uten tro er et skall uten innhold, — tro uten lære er en flytende masse uten mål og mening. Den tro som er grunnet på en rett lære, er sunn og sterk.» (Fredrik Wisløff).

Kva er eit vedkjønningsskrift?

Det er ei total misforståing å forstå vedkjønningsskriftene som eit *tillegg* til Bibelen. Det er katolsk lære som talar om Bibelen og tradisjonen (vedkjønningsskrifter og dogmer som kyrkja/paven sitt ufeilbarlege læreembete vedtek). Luther og den kyrkja som ber namn etter den store reformatoren tenkje ikkje slik. Vedkjønninga vil seia det same som Bibelen seier. (Det ligg

«Å seia det same som»

alt i det greske verbet for å vedkjenna = å seia det same som. I nynorsk talar vi og om å sanna der ein i bokmål nyttar ordet «bekjenne» – t.d. 1. Joh. 1, 9. I vår samanheng tyder det då: Vedkjenninga vil sanne at det som Bibelen seier er sant). Det er ikkje kyrkja eller kyrkjemøte som har bestemt kva som er den rette kristne trua. Ein har vedkjent seg til Bibelen. Det er sanninga!

Å forsvara Bibelen mot vranglære

Ser vi den historiske situasjonen dei ulike vedkjennings-skriftene vart til i, var føremålet ikkje minst dette: Forsvara Bibelen mot vranglære. (Apologetisk sikte. Apologetikk = forsvar for den kristne trua.)

Omtolking av Bibel n

Filosofiske og ikkje-kristne ideologiar og synsmåtar ville frengja eller omtolka bibelsk kristendom. Vi finn dette alt som bakgrunn for nytestamentlege skrifter (Jfr. Joh.brev som talar mot gnostisismen, ei retning som ville sameina kristendom og gresk filosofi).

Dei oldkyrkjelege vedkjenningsskrifter:

I den tidlege kyrkja var det særleg desse to spørsmåla som stod strid om: *treeiningslæra* og *Jesu to naturar*. Difor er desse emna særleg framme i dei tre oldkyrkjelege vedkjenningsskriftene (eller symbola som ein gjerne seier).

1. Den apostoliske truvedkjenninga.
2. Den nicenske truvedkjenninga.
3. Den athanasianske truvedkjenninga.

Ikkje skrivebordsprodukt

Vedkjenningane er ikkje «skrivebordsprodukt», men utvikling av vedkjenningsformuleringar som hadde vore i bruk i kyrkja like til dei vart endeleg fastlagde i vedkjenningsskrifter. Studerer vi dei i truskap mot Guds Ord vil vi sjå at vedkjenningsskriftene er ikkje berre «menneskeverk», men Andens verk.

Lutherske prinsipp:

- 1) Skrifta åleine
- 2) Trua åleine eller nåden åleine

Dei lutherske vedkjenningsskriftene har og same funksjon – nemleg å vera vedkjenning til Bibelen. I den katolske kyrkja var Bibelen borte som einaste absolutte autoritet for lære og liv. Difor fekk vi det lutherske prinsipp *Skrifta åleine* (Sola Scriptura). Sameleis var frelseslæra forkludra og vi fekk «det lutherske materialprinsipp» – *trua åleine, nåden åleine* (Sola fide, sola gratia). Dette siste er særleg understreka i CA 4 som vert kalla den lutherske hovudartikkelen. Det er om denne artikkelen om rettferdigginginga av nåde ved tru åleine at Luther uttalar seg så sterkt: «I denne artikkel kan man ikke vike eller gi etter på noe punkt selv om himmel og jord og de timelige ting skulle gå til grunne . . . På denne artikkelen beror alt vi lærer og lever mot paven, djevelen og verden. Derfor må vi være helt visse på det og ikke tvile. Ellers er alt tapt, og paven, djevelen, og våre motstandere får rett og seirer over oss.» (i Dei smalkaldiske artiklane, 1537). Luther understrekar rettferdigginginga

Rettfærdiggjeringa

av nåde sterkt i den store katekisma: «Derfor sikter det på syndenes forlatelse, alt det som skal forkynnes om sakramentene, ja hele evangeliet og alle tjenesteoppdrag i kristenheten.» To sitat frå eit seinare vedkjenningskrift kan og vera verdifullt og til ettertanke idag: Læra om rettferdigginginga er «hele den kristne kirkes hovedartikkel» «uten hvilken ingen arm samvittighet kan ha noen varig trøst eller rett forstå Kristi nådes rikdom.» Og i tilslutning til Luther: «Der hvor denne ene artikkel forblir ren, vil kristenheten forbli ren, i enighet og uten splittelser. Men der hvor den ikke forblir ren, er det umulig å verge seg mot noen vranglære eller kjetterånd.» (sitata frå Konkordieformelen.)

Tida etter har ikkje gjort artikkelen om rettferdigginginga mindre aktuell.

Den norske kyrkja har to lutherske vedkjenningskrifter:

**Lutherske
vedkjenningskrifter:**

1. Den vesle katekisma.

2. Den augsburgske truvedkjenninga (Confessio Augustana, forkorta til CA).

Vi skulle alle studera desse skriftene. I ei tid då katekismekunnskapen og læra står svakt i folket og i kyrkja er det heilt nødvendig å understreka dette. Vi må kjenna vedkjenninga skal vi på alvor lata oss leia av det ho uttrykkjer.

3. VEKKING OG MISJON

Fødd i vekking

Lekmannsrørsla er fødd i vekking, og vekkinga har vore denne sitt kjenneteikn til alle tider.

**«At dei må verta
frelste» = lekmanns-
rørsla sitt program**

Bedehuset og vennesamfunnet der har visseleg ikkje vore «dødehav». Nauda for dei ufrelste i bøn og arbeid – for eins næraste og til jordas ende – har alltid lege tungt på dette folket sitt hjarta. «At dei må verta frelste» er lekmannsrørsla sitt program framfor anna. Som resultat av dette har og bedehus etter bedehus vorte reist i bygd og by til rik signing. Sjølv om det var ein kampfull veg som staka ut lekmannsrørsla si leid, ser vi nå at det er til stor signing at norsk misjon heime og ute har fått høyra heime i den frie lekmannsrørsla. Gjennom denne rørsla har norsk misjon fått vara og nøra sin klåre misjonsprofil.

**Kalla folk til
omvending og tru
på Jesus**

1. Lekmannsrørsla ser det som si fremste oppgåve å kalla folk til å venda om og tru på Jesus, få eit personleg samfunn med han. Vi veit det er berre Den heilage Ande som kan vekkje opp mennesket så det spør etter frelse. Det er og Anden som meddeler mennesket Jesu frelse og føder eit menneske på ny. Joh. 3, 5. (Jfr. forklåringa til den tredje art. i LK.) Anden nyttar nådemidla til si gjerning. Difor ser lekmannsrørsla det som si viktige

oppgåve å forkynna Guds ord klårt og reint. Folket må få høyra fulltonande bodskap av lov og evangelium.

Kall til dagleg fornying

2. Vekkingsropet er også adressert til den einskilde truande om å leva i lyset i dagleg fornying. «Rens i sin grunn hjerte og munn, gjør meg i troen rettsindig og sunn.» Utan dette ankerfeste vert idealet lett klingande bjølle og ljomande malm utan bibelsk autoritet.

Dåpen og atterfødinga

3. Lekmannsrørsla har måtta avgrensa si vekkingsline mot to sider. For det eine har ein møtt motstand frå prestar og teologar. (Jfr. tidlegare utsagn av Gisle Johnson). Mange prestar har hatt vanskeleg for å tala om atterføding utanom dåpen. Dei vil berre tala om å venda attende til dåpen når dei er komne bort frå å vedkjenna trua. Noko anna opplever dei som svermeri.

Dåpen og omvendinga

Lekmannsrørsla har ikkje kunne tala slik. Ein har sjølvsagt ikkje forkasta dåpen, men ein har måtta spurt med pietismens salmediktar Brorson: «Av døpte vrimler land og strand, men hvor er troens brann?» Den som ikkje eig ei levande tru, han er fortapt om han er aldri så mykje døypt. Slike menneske byd Guds ord korkje å lata seg døypa omatt eller venda attende til dåpen. Den fråfalne skal ropast attende til Jesus og hans nåde – den same nåden som møtte oss i dåpen – og få tru forlatinga for syndene for Jesu skuld. Her følgjer lekmannsrørsla i hovudsak Pontoppidan som visseleg ikkje svekkjer dåpen som det badet til atterføding det er, men som er klår over at den døde må fødst til livet ved Guds ord. 1. Pet. 1, 23.

Pontoppidan: «Hvilke midler virkes gjenfødselen gjennom? Hos små barn virkes den ved vann og ånd i dåpens sakrament, men hos de eldre som ved sløvhet eller ondskaps synd er falt fra sin dåps nåde og gjenfødselsens stand, virkes den på ny ved Guds ord, som er en uforgjengelig sæd.» Ja, det kan vera grunn for å minna på ny om Gisle Johnson sine ord. Det er ikkje noko som i den grad hindrar vekking, var hans meining, som dette å tala om at alle døypte er Guds born og at dei berre skal venda attende til dåpen. Det bør og nemnast – då mange synest å tru at dette synet vi her har nemnt er eit pontoppidansk sidespor – at Luther sjølv også nytta atterfødingsomgrepet på denne måten.

Feil dåpsforkynning = hindring for vekking

Luther og atterfødinga

Klårt skilje mellom truande og vantruande

Lekmannsrørsla har forkynt klårt skilje mellom truande og vantruande. Det skjer ikkje med kald skulder, men med brennande kjærleik og ynskje om å berga menneske frå fortapinga. Det ville derimot vera kald skulder og forråding mot folket om dei ikkje får høyra om den evige fortapinga, syndefordervet, den heilage Guds vreide og krav på alle menneske. Om dei ikkje får høyra Ordet om Jesus, forlatinga for syndene i hans namn etter rikdommen av hans nåde.

Ord frå biskop Heuch:

Vi tek med til ettertanke eit sitat frå biskop Heuch. Han hadde situasjonen i statskyrkjelydane i forrige århundre i tanken: «Tales der nogen Gang om vantro Mennesker, maatte man, naar man ikke vidste bedre antage, at de fandtes i China eller Japan, men ikke i Norge og aller mindst i den Forsamling Presten taler til, thi altid tales der om dem som Fraværende, hvem Predikantenes «Medkristne» skulle takke Gud at de ikke ligne. Men følgen av en slik Prædikemaade er, at Guds ord ikke bliver rettelig delt, og at dets Indhold derfor heller ikke kan bane sig Indgang i Hjertene. Er end Predikantens Indhold i og for sig ret, saa bliver det dog falskt, fordi det henvender sig til en Forsamling, som det som saadan slet ikke gjelder. Det gaar med en slik Prediken som med et Brev, der har en falsk Adresse; om et slikt Brev indeholder Udtalelser af den oprigtigste Kjærlighed, blive dog disse Udtalelser meningsløse, ja falske, hvis de henvendes til En, paa hvem Brevskriveren aldri har tænkt.»

Barne- og ungdoms- arbeidet og vekking- miljøet

Det kan vera naudsynleg å gjera ei presisering i denne avgrensinga mot «oppsedingslina», nemleg vedkomande barne- og ungdomsarbeidet. Det er mogeleg å verta vara i «si dåpspakt» frå ein er liten. Ein treng ikkje gå ut i verda for å ha heimvendingsdato å sjå tilbake på. Ingen har vel eigentleg sett inn større ressursar enn nettopp lekmannsrørsla for å «hjelpa borna til å verta verande hos Kristus liksom dei ved dåpen vart pota inn i han.» Dette står ikkje i motsetjing til å føra born og unge inn i vekkingmiljøet til personleg frigjerung og dagleg fornying. I lekmannsrørsla går dette hand i hand med arbeidet om å kalla born og unge attende til Kristus. Ein er nemleg klår over det smertelege at så mange kom bort i tidlege år.

Rettferdiggeringslæra og vekking- forkynninga

Lekmannsrørsla har og måtta avgrensa seg frå ei anna side. Ikkje alle vekkingstonar har nemleg hatt sitt einaste feste «på nåden i Guds hjerte som Jesus frem har brakt.»

Dette heng saman med det vi før har skreve om reformasjonen si forståing av den bibelske læra om rettferdiggeringa, CA 4: «Likeeins lærer dei at menneska ikkje kan verta rettferdiggjorde andsynes Gud ved eigne krefter, fortenerer eller gjerningar, men at dei vert rettferdiggjorde utan vederlag for Kristi skuld ved trua, når dei trur at dei vert tekne til nåde og syndene forlatne for Kristi skuld, han som med sin død har gjort fyllest for syndene våre. Denne trua tilreknar Gud som rettferd for seg, Rom. 3 og 4.» Når lekmannsrørsla vil vera tru mot sitt læregrunnlag i Bibelen og vedkjenninga, spør ein altså ikkje berre om ein predikant har vekkingsgåve, men og kva som er innhaldet i den vekkingbodskapen han forkynner.

«Syn og retningslinjer for DVI»

Det har nok ikkje alltid vore lett å halda oppe dette idealet. Les vi Forbundet si søge ser vi korleis det m.a. har brote på også i denne organisasjonen. Det var jo difor Forbundet vedtok «Syn og retningslinjer for DVI» (1953). Vi må seia at Forbundet har komme gjennom slike vanskar med stø kurs med feste i lovene og den offisielle tolkinga «syn og retningslinjer for DVI».

Prøving av forkynninga

Det er skjønleg at folk har vanskar for å markera seg mot predikantar når dei merkar vekkingstonen og kanskje mange søker til slike talarstolar. Men likevel er det naudsynt at det vert gjort. Ei kvar forkynning på prøvast på Ordet. Ap.gj. 17, 11.

«Brente marker»

Dei berøakristne prøvde apostolisk forkynning! Då skulle vel ikkje forkynninga idag sleppa lettare?

Vern mot «framand eld på alteret»

Ikkje all vekking har ført gode frukter med seg. Folk har vorte førde inn i fromt lovstrev. Truande har vorte rivne frå kvarandre. Stundom har mange vorte grepne, men då stormveret var over, var marka hardare enn før med ei nedtrakka hjartejord som var uimottakeleg for evangeliet.

Vekkingsformer

Lekmannsrørsla ønskjer å vera open og vår for all Guds gjerning. Likevel må ein verna vennesamfunnet mot predikantar som fører framand eld inn på alteret. Dette er ikkje mindre aktuelt i vår tid enn før. I tider som ein gjerne kallar vekkingsfattige tider er det truleg enno meir naudsynt at ein bed seg ut visdom på dette området.

Fulltonande evangelisk forkynning

Det er klårt at lekmannsrørsla må ikkje stivna til i ei eller fleire vekkingsformer. Då sit ein lett att med tomme skalet, og livsstraumen går forbi. Gud er ikkje avhengig av lekmannsrørsla om ho sviktar. Lengten etter åndeleg fornying kan ikkje møtast med åndsfattige parolar, men med fulltonande bibelsk vekkingsforkynning. Elles går folket til andre brønner. Men nettopp fordi vi meiner at lekmannsrørsla si vekkingsforkynning har vore ei slik fulltonande bibelsk forkynning er det viktig at vi grunnar på denne arven. Lat oss difor kort repetera dei vesentlege momenta

Vekkingsforkynninga:

- 1) Syndefordervet
- 2) Jesu frelsesverk
- 3) Frigjering frå lovtrældom
- 4) Evangelisk helgingsliv
- 5) Nådegåvene og vennesamfunnet
- 6) Misjonsansvaret
- 7) Anfektinga

1. Ein har forkynt Guds Ord slik at Anden overtydde mennesket om si synd og avdekka syndefordervet. Ein røynde det som er uttrykt i den gamle syndevedkjeninga i gudstenesta – ein kjende den vonde hugen i hjarta sitt (og ikkje berre lysta til det vonde – som det er avbleikt med i den nye liturgien.)

2. Ein har forkynt Ordet om Jesus slik at Anden gjennom evangeliet fekk herleggjera Jesus. Den fortapte syndaren fekk sjå seg løyst og fri.

3. Folk har ikkje berre vorte frelste inn frå vilt syndeliv. Mange som træla under eigenrettferd og lovtrældom, kom inn under ordet si høyring. Dei møtte på bedehuset ei radikal forkynning av lov og evangelium, synd og nåde som ryste dei i deira

grunnvollar og førde dei inn på fjellgrunn og dei vart glade og frigjorde truande.

4. Anden har gjort si gjerning i samsvar med Guds ord når det også står slik: «De uvituge galatarar! Kven har trylt dykk, de som har fått Jesus Kristus måla for augo som krossfest? Svar meg på ein ting: Var det ved lovgjeringar de fekk Anden, eller ved å høyra og tru? Er de så vitlause? De tok til ved Anden, vil de no fullføra med menneskeverk?» Gal. 3, 1–3.

På denne bakgrunn var det viktig med ei forkyning som ikkje førde helgingslivet inn under eige strev eller førde til lovisk strev etter nådegåver. Anden formidla og vart formidla gjennom evangeliet.

5. Anden har løyst ut nådegåver og dei truande tente i vennesamfunnet med sine gåver etter som Gud delte ut. Her lydde lov-songen full og fri, vitnemålet om Jesus vart bore fram – gjerne under tårer. Dei andre nådegåvene var og i funksjon – somme i det opne, andre gjerne i det stille som salving og bøn for sjuke. Alt til Guds æra og pris.

6. Misjonsansvaret for indre- og ytre misjon har vorte teken opp.

7. Dei løyste truande var ikkje alltid «ovanpå». Anfektings-tonen var i sjelesorg og forkyning *meir teikn* på liv enn sjukdom. «Den visshet som ikke kan skjelve, er jeg redd for kan bli farlig og falsk sikkerhet.» (Olfert Ricard) Difor måtte dei stadig gjennom den åndsfulde evangeliet formidla, be: «Vik ei fra mitt hjerte, dyrebare smerte, Åndens fattigdom, Vis meg mine brister så jeg aldri mister nådens legedom.»

4. DET ALLMENNE PRESTEDØMMET OG NÅDEGÅVENE

Desse to «prinsippa» heng nøye saman. Det var her lekmannsrørsla kjempa seg fram mot embetskyrkja med indre trong etter å forkynna evangeliet med den nådegåve Herren gav. Læra om det allmenne prestedømmet er det evangeliske kyrkjeprinsippet i den lutherske kyrkja.

DET BIBELSKJE GRUNNLAGET FOR LÆRA OM DET ALLMENNE PRESTEDØMMET

1. Pet. 2, 5 og 9

Vi tek utgangspunkt i 1. Pet. 2, 5 og 9: «Ver de og levande steinar som vert oppbygde til eit åndeleg tempel! Ver eit heilagst presteskap og ber fram åndelege offer, som er til hugnad for Gud ved Jesus Kristus.» (5) «Men de er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilagst folk, eit folk som høyrer Gud til,

så de skal forkynna hans storverk, han som kalla dykk ut or mørker til sitt underfulle ljøs.» (9)

Dette prestedømmet som alle truande har del i kviler på to fundament, kan vi seia. For det første kviler Peter sine ord på Det gamle testamentet. Sjå 2. Mos. 19, 5–6, Jes. 61, 6, 9, 2. Mos. 28, 1. I GT er for det eine heile Guds folk «eit kongerike av prestar» annleis enn dei andre folka, men i teneste for dei. Og for det andre er det av Gud innsett ei særleg presteteneste, det aronittisk-levittiske prestedømmet. Det siste var ei midlar-teneste mellom Gud og folket, eit offerembete.

3. Mos. 16 fortel korleis offerpresten var *folket sin representant* når det bar folket sine synder fram for Gud og gjorde soning for dei. Dette hende ein gong om året på den store forsoningsdagen. Men øvstepresten var også *Guds representant* overfor folket. Han lyste velsigninga frå Gud. 3. Mos. 9, 22, og han hadde som oppgåve å be for folket, læra og vegleia. 3. Mos. 10, 10–11.

Dette spesielle prestedømmet var ikkje eksklusivt i GT heller, med unntak for offertenesta. «Det allmenne prestedømmet var også i funksjon gjennom heile den gamle pakt. Difor kjende ingen den profetiske forkynninga som eit inngrep i levittane sitt læreembete. Også i den seinare synagoge-gudstenesta var det sjølvstakt at det allmenne prestedømmet skulle ovra seg. Både Jesus og Paulus nytta denne lekmannsretten til å tala i synagoga.» (Arthur Berg.)

Men i Det nye testamentet er det spesielle (aronittisk-levittiske) prestedømmet *heilt* oppheva. Det var eit bilete på Kristus. Det er oppheva og oppfylt ved han.

Difor – for det andre – kviler dei truande sitt prestedømme på Kristus. Som øvsteprest gjekk han ein gong for alltid inn i det aller heilagste og ofra seg sjølv. Han var både prest og offerlam. Hebr. 5, 6, 8, 4, 7, 11, 23, 9, 25–28, 10, 11–21. Opb. 1, 5–6. Difor kjenner NT berre eit prestedømme, det allmenne som oppfatar alle som gjennom dåp og tru er sameina med Jesus. Det som i GT si tid var det spesielle prestedømmet si oppgåve (ofra, ba, tala), ligg nå på alt Guds folk.

Det allmenne prestedømmet skal ikkje ofra for synda. Det har Jesus gjort fullkomme ferdig. Det offer Gud har hugnad i er *oss sjølv* i dagleg teneste. Rom. 12, 1. Hebr. 13, 15. «Jesus meg selv jeg deg bringer, legger meg ned for din fot at du meg evig skal eie, jeg er jo kjøpt med ditt blod.»

Alle truande har også del i *bønetenesta* for Guds folk og verda. 1. Mos. 18, 1. Salm. 12, 23, Hebr. 10, 19–22, 1. Tim. 2, 1f.

2. Mos. 19, 5–6
Jes. 61, 6, 9
2. Mos. 28. 1

3. Mos. 16

3. Mos. 9, 22
3. Mos. 10. 10–11

Det allmenne
prestedommet i GT

Det spesielle
prestedommet i NT

Hebr. 5, 6, 8, 4, 7, 11.
23, 9, 25–28,
10, 11–21.
Open. 1, 5–6

Offeret:
Rom. 12, 1.
Hebr. 13, 15.

Bønetenesta:
1. Mos. 18, 1
Salme. 12, 23
Hebr. 10, 19–22.
1. Tim. 2, 1f.

Det greske ordet for prest har same ordstamma som ordet heilag. Det set oss på sporet til nok eit viktig moment. Guds born skal vera *heilage* prestar. Guds born er heilage for Gud i Kristus. Meir heilage enn vi er i ham, kan ingen verta. Men til alle oss heiter det så: Ver heilage (1. Pet. 1, 15) og ver eit heilagt preste-skap (2, 5). Ordet heilag tyder utskild frå verda og innvigd til Gud. Som Guds born er vi nettopp utskilde frå verda og innvigde til Gud. Difor skal og livet vårt vera etter Guds gode vilje, og ikkje etter våre lyster. Prestetenesta er ikkje berre «åndeleg» – eller rettare – til den åndelege prest høyrer lekamen vår og livet vårt i kvardagen!

Heilage prestar:

1. Pet. 1, 15, 2,5.

Forkynnaroppdraget:

1. Pet. 2, 9, 4, 10.

2. Kor. 5, 17—21

Men har det allmenne prestedømmet del i *forkynnaroppdraget*? Det er eigentleg dette det har stått (og står) strid om. Skal det allmenne prestedømmet ta del i tenesta med å formidla Ord og sakrament? Ja, er lekmannsrørsla sitt svar. Vi skal alle «forkynna hans dygder» (1. Pet. 2, 9) som «gode hushaldarar over Guds mangfaldige nåde.» (1. Pet. 4, 10.) Sjå også 2. Kor. 5, 17—21. Vi har hug å sitera til dette avsnittet frå Bibelverket sin kommentar til desse versa: «– her er det åpenbart at Paulus taler om gaver og erfaringer som er gitt til alle kristne: forsoning ved Kristus og nyskapelse i ham. Dermed blir det klart at «vi» i dette avsnittet inkluderer enhver som tror. V. 18 blir et sterkt vitnesbyrd om at alle som har fått del i forsoningen også har fått del i forsoningens tjeneste og oppdrag. Alle som har fått gaven, har også fått oppgaven. Paulus taler altså ikke om noe Ordets «embete» som skal skjernes fra en menighet som bare skal være lyttende. Han taler om den vitneplikt som er pålagt hver den som tror, og om det forkynneroppdrag som enhver kristen både lever av og er medansvarlig for, fordi det er Jesus Kristus selv som har gitt det.» (Hans Kvalbein).

Ja, dette forstår vi som NT sitt «grunnsyn» på dette område. Forkynninga av det bibelske bod skal utførast av heile Guds heilage folk. Det er heile folket sitt ansvar å forkynna om han som gav, gjev frelse, syndsforlating og evig liv til alle som trur.

Døme frå NT:

Ap.gj. 11, 19ff

I NT finn vi ikkje dette berre som eit teoretisk lærestykke. Den første kristendomsfølgjinga syner oss korleis det fungerte i praksis. Nokre av dei truande kom heilt ned til Antiokia. Ap.gj. 11, 19 ff. Her bar dei fram evangeliet for både jødar og heidningar. Kva hende? – «ei heil mengde kom til tru og vende om til Herren» (21). Det var visseleg inga uekte tru eller falsk gjerning desse vanlege kristne hadde teke seg til på eiga hand. Nei, vi les at Herren si hand var med dei. Då Barnabas kom på inspeksjon frå Jerusalem, hadde han ingen ting å leggja til. Han

gledde seg over det som hadde hendt, og «mana dei alle til å halda fast ved Herren av heile sitt hjarta». (v. 23).

Ap.gj. 13, 1ff

At trua i Antiokia var «verdt å satsa på», ser vi og av hendingane vidare. Denne forsamlinga vart «sendemenighet» for den første organiserte heidningemisjon då Paulus og Barnabas vart sende ut året etter. Ap.gj. 13, 1ff.

Mt. 28, 16—20

Jesu utsendingsordre etter oppstoda (Matt. 28, 16—20) er og ei understreking av at det allmenne prestedømmet har fått oppdraget. Når Jesus lova å vera med alle sine, var det fordi alle har del i Hans misjonsoppdrag.

Prinsipiell likskap —
ulikskap i nådegåver
og tenester

Nå vil ein kvar bibeltruande vita at denne prinsipielle likskapen som læra om det allmenne prestedømmet uttrykkjer, er ikkje alt Bibelen uttalar om denne saka. Vi høyrer også om *ulikskap*. Men dette er alt etter den *nådegåve* — og *teneste* — som kvar har fått. «At det allminnelige prestedømmet er altomfattende, betyr ikke at alle skal være og gjøre alt. Det betyr at det allminnelige prestedømmet er grunnlaget for alle nådegaver og tjenester.» (Brynjulf Hoaas).

Nådegåvene

Gud har gjeve ulike nådegåver. Dei truande skal tena som lekamen sine mange lemer tener til heile lekamen si oppbygging. «Men de er Kristi lekam, og kvar av dykk ein lem på han. I kyrkja har Gud for det fyrste sett nokre til apostlar, for det andre profetar, for det tredje lærarar, så mektige gjerningar, nådegåver til å lækja, hjelpetenester, styringsoppgåver, tungetale av ulikt slag. Er vel alle apostlar? Er alle profetar? Er alle lærarar? Gjer alle mektige gjerningar? Har alle nådegåver til å lækja? Talar alle i tunger? Kan alle tyda tungetalen? Men streva etter dei største nådegåvene». 1. Kor. 12, 27—31. Gudsfolket sitt liv og vekst treng om dei ulike tenestene, difor har også Gud gjeve dei. Utan at nokon har «monopol» på dei respektive tenestene, skal kvar tenar utføra si teneste i truskap. Og det er heile gudsfolket sitt ansvar å be om Andens visdom så dei rette nådegåver vert «plasserte» på rett plass. Kvar tenargruppe får også i Guds ord si særlege formaning. Sjå 1. Tim. 3, 1f, 8f. Særleg understrekar Guds ord at leiarane skal synast omsorg og vørdrnad. 2. Tim. 5, 17., Hebr. 13, 7.

1. Kor. 12, 27—31

1. Tim. 3, 1f, 8f.

2. Tim. 5, 17,

Hebr. 13, 7.

Sjå nærare om det allmene prestedøme i boka «Den lutherske bekjennelse og katolisismen» av prof. Carl Fr. Wisløff.

MARTIN LUTHER OM DET ALLMENNE PRESTEDØMMET

Det allmenne prestedømmet hadde ikkje stor plass på reformasjonstida. Alt hadde lenge samla seg om det kyrkjelege embetet som i den katolske kyrkja er eit offerembete — å bera

Det katolske
embetssynet

fram for Gud messeofferet i nattverden – og eit midlarembete frå Gud med å dela ut nåden til folket. Luther braut med dette synet radikalt.

«Alle kristne er prester, det er meningsløst å skille ut noen enkelte og kalle dem prester til forskjell fra andre. Alle de oppgaver, den kristne menighet overhodet har, er felles for alle kristne». (Carl Fr. Wisløff).

- 7 tenester/
tenesteområde:
- 1) Forkynna
- 2) Døypa
- 3) Utdela nattverden
- 4) Binda og løysa frå synd
- 5) Ofra
- 6) Be
- 7) Døma om læra

Luther samlar dette i sju område eller tenester:

1. Alle truande er kalla til å forkynna. 1. Kor. 14, 26.
2. Alle truande har prinsipiell rett (ikkje berre nødrett) til å døypa.
3. Alle truande har rett til å dela ut nattverden.
4. Alle truande har rett til å binda og løysa frå synd.
Dette hadde den katolske kyrkja også knytt til presten, og utvida det til å ha makt over folket gjennom utstrekt lovgjeving. Luther understreka derimot at lykjelen (som dette vart kalla) tilhørde alt Guds folk. Luther presiserte kva som låg i lyklemakta: «Å binde og løse er ikke noe annet enn å anvende evangeliet. For hva er det å løse? Intet annet enn å forkynne syndenes forlatelse fra Gud. Hva er det å binde, uten dette å holde evangeliet tilbake og erklære at syndene er fastholdt?» Dette kan alle truande gjera.

5. Alle truande kan ofra.

NT talar berre om eit offer frå menneske, understrekar Luther. Det som er uttrykt i Rom. 12, 1.: Å gje seg sjøl som eit offer til Gud. Alt anna er avgudsdyrking og blasfemi.

6. Alle truande kan be for andre slik Jesus lærte oss Fader Vår.

7. Alle truande har rett til å døma om læra. Luther syner her til skriftstader som Joh. 10, 22 og Matt. 16, 6.

Vi legg til følgjande: Luther talar om eit kyrkjeleg embete. Men hans embetssyn er då at kyrkjelege embetspersonar utfører ei teneste som *prinsipielt* tilkjem alle truande. Når Luther i dei siste åra la stor vekt på kyrkjeleg orden, var det for å verna kyrkja mot svermerisk vilkårsøyse. Men det er imot den katolske kyrkja sitt embetssyn at hans prinsipielle syn er utmeisla, – læra om det allmene prestedømmet.

Det allmenne
prestedømmet og
orden i kyrkjelyden

DET ALLMENE PRESTEDØMME OG VEDKJENNINGA

På basis av Guds Ord er det dei lutherske vedkjenningskristene som har autoritet for oss. Men eit av problema her er då at folk som nettopp uttrykkjer ønskje om å vera vedkjenningsstru, dei

To hovedsyn:

1) Kyrkjelyden framgår av embete

kjem til nokså ulikt resultat. Her er fleire nyansar. Men lat oss først dela inn i to ulike hovudsyn.

1. Det er innstifta eit embete som skal forvalta Ord og sakrament. Dette embetet har ikkje sitt oppdrag frå kyrkjelyden, men kyrkjelyden «framgår» av embetet. I vårt land byggjer ein gjerne på W. A. Wexels (1853) som uttrykte seg slik: «Det er ikke embetet som stammer fra menigheten, men det er riktigere å si: Menigheten stammer fra embetet.» Gud har stifta sitt folk gjennom embetet, er Wexels syn. I pakt med dette synet hevdar ein gjerne at det er kontinuitet (ein nyttar gjerne «suksesjon» utan nødvendigvis katolsk forståing) i embetsfunksjonen heilt frå Kristus sjølv via apostlane og fram til prestane idag.

2) Embete framgår av kyrkjelyden

2. Det prinsipielle er kyrkjelyden der alle tilhøyrer det allmenne prestedømmet. Men i kyrkja må nokon kallast til å tena med ord og sakrament. Dette kallar ein så kyrkja sitt embete. Slike personar – som skal kallast etter nådegåve, og har indre kall – skal kallast av kyrkjelyden, og altså ikkje ta seg sjølv til rette. Samtidig skal dei som kyrkjelyden kallar, sjå seg som kalla av Gud.

Det høgkyrkjelege syn kan ikkje sameinast med lekmannsrørsla sine ideal

Når vi skal vurdera dette, kan vi straks slå fast. Det første embetssynet kan ikkje sameinast med lekmannsrørsla sine ideal. Lekmannsrørsla måtte jo kjempa seg fram nettopp mot ei slik embetsforståing som held det allmenne prestedømme nede. Dessverre møter ein framleis døme på slik forståing. Slikt syn hindrar lekmannsrørsla sitt ideal. Dei avgrensar det allmenne prestedømmet til den private sfære i tilhøve til Gud, medan det er embetet som åleine skal (og må) formidla nådemidla. Eit slikt syn er sjølv sagt heilt umogeleg å sameine med lekmannsrørsla sitt syn. «Indremisjonssvenner kan møte mer høikirkelige kristne som brødre. Men de kan bare aldri selv bli høikirkelige. For blir de det, da opphører de å være indremisjonssvenner.» (Frå Indremisjonsselskapet si Handbok for Indremisjonssarbeidet, 1947).

Men også den andre embetsforståinga treng nærare presisering. Nyansane kan også her verta så store at det får store konsekvensar for lekmannsrørsla. Då kan det heller ikkje kallast nyan-sar lenger, vi har å gjera med ulike syn.

Monopoliserande embetsforståing

Vi møter det synet – gjerne hos prestane – at dei forstår det slik at embetet er avleida av kyrkjelyden, men samtidig set dei embetet lik presteembetet i Den norske kyrkja og hevdar det på ein monopoliserande måte så det avgrensar det allmenne prestedømmet.

Lat oss no gå direkte til dei to artiklane i den Augsburgske trusvedkjenninga som handlar om denne saka.

CA 5 (som har fått som overskrift «Om det kyrkjelege embetet»):

«Om det kyrkjelege embete»

«For at vi skal koma til denne trua, er det skipa ei teneste med å læra evangeliet og gje sakramenta. For med Ordet og sakramenta som middel vert Den Heilage Ande gjeven, han som verkar trua, kvar helst og når Gud tykkjer om det, i dei som høyrer evangeliet, nemleg at Gud, ikkje for våre fortenester skuld, men for Kristi skuld, rettferdig-gjer dei som trur at dei vert tekne til nåde for Kristi skuld. Gal. 3 (14): «så vi kunne få Andens lovnad ved trua.» Dei fordømer gjendøyparane og andre, som meiner at Den Heilage Ande kjem til menneska utan det ytre ordet, ved deira eigne førebuingar og gjerningar.»

CA 14 (som har fått som overskrift «Om kyrkjeordninga».):

«Om kyrkjeordninga»

«Om kyrkjeordninga lærer dei at i kyrkja bør ingen læra offentleg eller forvalta sakramenta utan han er retteleg kalla.»

Anden formidlar trua ved nådemiddel

Ser vi nå nærare på desse artiklane, er det første som slår oss: Overskrifta til art. 5 fører lett til mistyding (som det har gjort). Det er ikkje embetet som er i fokus i den artikkelen, men det som i det heile må til for å føra mennesket til ei levande tru. Nemleg dette vil artikkelen ha fram: *Anden formidlar trua med Ordet og sakramenta som nådemiddel*. Anden kjem ikkje til mennesket utan det ytre Ordet, ved eigne åndelege (og fromme) gjerningar slik svermarane gjerne tenkte. Vi bør og merka oss at art. 5 kjem straks etter artikkelen om rettferdigginginga (hovud-artikkelen). Det som nå skal uttrykkjast er altså det viktige i at Ordet og sakramenta verkeleg må verta formidla så det kan knytast levande samfunn med Jesus. Det kan då gjerne uttrykkjast slik: ««At det er innsatt et «embete» i kirken, vil si at Gud har gitt oss evangeliet og forpliktet det allminnelige prestedømmet til å påse at det blir forkynt.» (Arthur Berg).

Embete = forkynninga av evangeliet

CA 14 = motvekt til uorden og forvirring

Men kva så med CA 14? For det første bør vi kjenna til at denne artikkelen kom inn i CA av ein særleg grunn. Han var ikkje med i den første utgåva som vart laga. Så vart lutheranarane skulda frå dei katolske motmennene for at dei ville oppheva den ordna tenesta rundt i kyrkjelydane og det ville skapa forvirring. Difor kom CA 14 med.

«Retteleg kalla»

No har denne artikkelen som vi tidlegare har sett, vorte forstått ulikt. «*Retteleg kalla*» er dei ordinerte som dermed har fått fullmakt til å bera fram nådemidla offentleg. Eller andre har forstått offentleg i tydinga «på vegne av» kyrkjesamfunnet – dei retteleg kalla representerte kyrkjesamfunnet.

Omsorg for den rette læra	Det er klårt at CA 14 understrekar dette viktige: I Guds forsamling skal ingen ta seg til rette på eiga hand. Og med det kan vi peika på at artikkelen ivaretek eit viktig «anliggende», omsorga for den rette læra. Jamfør arven frå Hauge om å prøva forkynnarane nøye! Det som vi ikkje kan godta i lekmannsrørsla er at det i vår kyrkje berre er det offisielle statskyrkjestyret som har og kan utøva kallsretten. Kallsretten ligg til forsamlinga av dei truande og difor er arbeidarane i organisasjonane også prinsipielt retteleg kalla.
Kallsretten	
Det allmenne vitneansvar og det særlege forkynnaroppdrag	Som konklusjon på denne drøftinga vil vi seia: Det er viktig å kalla personar ut for evangeliet si tenesta samtidig som alle må høyra om ansvaret for å vitna om Jesus. Dei som vert kalla ut (gjerne under håndspåleggjing og bøn) er ikkje berre funksjonærar med ansvarstilhøve til menneska som formidla kallet. Dei er Guds tenarar som ikkje skal forkynna folk det dei likar å høyra, men dei skal forkynna Herrens ord.
Nådegevæplassering og tenesteoppdrag	Uttrykket «det kyrkjelege embete» finn vi lite heldig og uklårt. Det er meir naturleg å tala om <i>spesiell nådegævæplassering</i> og <i>tenesteoppdrag</i> . Det høver best med at vi alle er lemer på same lekamen!

5. VENNESAMFUNNET

Mål og basis	Vennesamfunnet er eit klårt ideal i lekmannsrørsla. Samlinga av dei vakte og truande har følgd rørsla frå først av. Det har vore både mål for arbeidet og basis for arbeidet. På kvar stad samla «vennene» seg til oppbygging for si heilage tru. Her rådde nådegåvene i tale, vitnemål og sjelesorg utan overoppsyn av noko kyrkjeleg embete. <i>Fridom og orden</i> er høvande stikkord. Fridomen rådde slik at kvar tok del med det Herren gav. Ordet rådde og vennesamfunna hadde sine leiarar av meir åndeleg modne menn som hadde forsamlingane si tillit. Hauge kalla gjerne leiarane «eldste» etter bibelsk mønster. Ap.gj. 14,23 20,17, Fil. 1, 1f, Tit. 1,5f. Nå er det naudsynt å presisera innhaldet av ordet «vennesamfunn». Ordet er nemleg fleirtydig. Minst tre måtar å forstå ordet på er i bruk i lekmannsrørsla:
Fridom og orden	
«Eldste»	
Ulike forståingar av vennesamfunnet	<ol style="list-style-type: none"> 1. Som namn på ei kvar samling av truande når dei (frå to eller tre av) er samla i Jesu namn til bibellesning, bøn og om misjonen. <li style="padding-left: 20px;">Kvar gruppe er eit vennesamfunn. 2. Som namn på forsamlinga knytt til ein organisasjon – t.d. foreningsmøte i dei ulike organisasjonane sitt regi.

3. Som samlinga av dei truande (knytt til eit bedehus gjerne) på tvers av organisasjonens- og aldersgrenser på same vedkjenningsgrunn.

På tvers av organisasjons- og aldersgrenser

Historisk undersøkjing gjer det klårt at ingen av desse tre ekskluderer dei to andre. Det er sjølvstykklært at «talet» er ikkje det avgjerande. Den minste gruppe har samfunn med Jesus og kvarandre. Matt. 18.20. Men det er like klårt at indremisjonsrørsla i arven etter Hauge har sett det som viktig å samla dei truande på bedehuset på tvers av organisasjons- og aldersgrenser. Difor har ein gjerne «reservert» ordet vennesamfunnet til denne bruken av ordet. I DVI finn vi dette sterkt understreka. «DVI har sett det som ei hovudoppgåve å samla alle truande på same vedkjenningsgrunn til heilag samfunn, til oppbygging i trua. Bedehuset har vore og er den naturlege samlingsstaden for truande på kvar stad. Her kan vennesamfunnet fungera og nådegåvene utløyast.» (Kjell Bjørsvik).

Uttale frå DVI's rådsmøte, 1974

I 1974 sende rådsmøtet i DVI ut ein uttale der dei nettopp oppmoda dei truande til samling om dette vennesamfunnet der det m.a. heiter: «Rådsmøtet ber om at kristne som står på den same vedkjenningsgrunn, utan omsyn til kristent arbeidslag, kjenner ansvaret for det åndssamfunn som vennesamfunnet må vera om vi framleis skal få den rette styrken i samlivet med Jesus Kristus, og den rette slagkrafta i tenesta for Han.»

Det er viktig og tenleg for evangeliet at vi samlar born, unge, eldre, yrkesgrupper osv. for å nå dei. Men samtidig må vi ha augo vende mot å samla folk i det heilage samfunnet, så det ikkje berre vert grupper.

Arbeidsgrupper — samfunnet av dei truande

«Ingen arbeidsgruppe kan erstatte samfunnet av de troende . . . Det naturlige skulle være at samfunnet av de troende omfattet både unge og gamle, slik at kristenlivet bar preg av både de eldres erfaring og av de unges pågangsmot». (Carl Fr. Wisløff).

Ekskluderande og separatistisk?

Er «vennesamfunnet» eit tenleg omgrep for dette samfunnet idag? Fleire synest å vera i tvil om det. Frå «utsida» både frå meir verdsleg og kyrkjeleg hald, har ein gjerne tala om det ekskluderande og separatistiske ved dette omgrepet. Ein har valt seg venner som ein likar og har sams interesse med. Same redsla kan ein og stundom høyra frå «innsida». Ein vil heller tala om det kristne «fellesskap» i gruppe, forening og menighet.

«Søskenflokk»

Som kristne er vi alle i Kristus ein stor søskenflokk. «Venner vel ein, søsken får ein», vert det sagt.

For vår del må vi tilstå at vi synest her vert rett og gale blanda saman. Det er sant at alle som trur på Jesus er eitt i han. Også dei truande i vennesamfunnet vedkjenner den tredje art. «Eg trur . . .

ei heilag allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage.» Som Guds born er vi og «søsken» slik vi syng «ein broder og søsterskare på vei til det samme hjem.» Men overføringa av søskennamnet frå familielivet har og si viktige avgrensing. Kjøtlege søsken er ein uansett korleis ein stiller seg. Ein kjem aldri bort frå det. Slik er det ikkje med det åndelege søskensamfunn. Det er avgrensa til ei levande tru på Jesus. Og dersom nokon lever og lærer i strid med Guds Ord skal ein ikkje dela samfunn med dei.

Vennesamfunnet
= eit tenleg ord

Vennesamfunnet er eit tenleg ord. Det vil ikkje seia at det i seg sjølv er det einaste mogelege. Fleire nemningar har jo alltid vore i bruk (jfr. Hauge), men og: *vennesamfunnet* har bibelsk dekning. Joh. 15, 13–15.

Basisforsamlinga for
organisasjonane sitt
arbeid

Det frie vennesamfunnet på bedehuset, har vore basis-forsamling for organisasjonane sitt vidfemnande arbeid. Her har folket funne sin åndelege heim. Ikkje minst er det viktig å hugsa på at det er denne heimen som har nørt den teologiske profil som organisasjonane har stått for i norsk kristenliv og misjonsarbeid utafor landegrensene!

Åndeleg heim

Eit fritt samfunn

Dette vennesamfunnet har vore eit *fritt* samfunn i høve til den offisielle kyrkja sine organ – først embetet og så rådsorgana etter at dei kom inn i norsk kyrkjeliv (Lov om sokneråd 1922). Både innan og mellom organisasjonane har det vore/er det nyansar i tilhøve til den offisielle kyrkja sine organ. Men den store styrken har vore for lekmanstrørsla at det har rådd semje om at eins eige arbeid har ein hand om sjølv. «I kyrkja, men ikkje under kyrkja.»

«I kyrkja, men ikkje
under kyrkja»

6. KYRKJESYNET

Det er klart at forståinga av det allmenne prestedømmet, det kyrkjelege embetet og vennesamfunnet, heng nøye saman med kyrkjesynet. Lat oss difor sjå litt på det.

Ordet «kyrkje»

Ordet «kyrkje» er eit fleirtydig omgrep. Ein tenkjer på kyrkjehuset (gjerne eit fint minne om si barndoms soknekyrkje), kyrkjesamfunnet (Den norske kyrkja), kyrkja som vi vedkjenner i truvedkjenninga (den heilage allmenne kyrkja) eller ein kan og tenkja på den lokale sokne-kyrkjelyden.

Ordet sitt opphav har det også vore ulik forståing av. I tidlegare tider rekna dei med at det kom frå det greske ordet «kyriake» som tyder Herrens hus. Seinare har mange rekna med at det heller skriv seg frå det keltiske ordet «kyrk» som tyder lukka rom.

Nå er det ikkje det språklege som interesserer oss, men innhaldet. Vi vender oss då først og fremst til Bibelen.

KYRKJA I BIBELEN

Gresk: «ekkklesia»
= kalla saman, inn

I NT er kyrkja oversetjing av det greske ordet «ekkklesia». Det er i og for seg eit ikkje-religiøst ord. Stommen i ordet kjem frå verbet kalla, og med preposisjon er det vanlegvis nytta om å kalla saman, kalla inn. Substantivet vart i gresk samanheng nytta om forsamlinga av alle menn i byen (dei med full borgarrett) når dei kom saman som ansvarleg organ. Ekklesia-omgrepet har altså sin språklege bakgrunn i den offentlege, politiske samanhengen. Men i NT har ordet sin innhaldsmessige bakgrunn i det hebraiske ordet «gahal». I den greske oversetjinga av GT LXX (Septuaginta) er nettopp det hebraiske gahal oversett med det greske ekklesia. I ei form av verbet gahal (hifil) har verbet tydinga å koma saman. Det gjev oss også ein peikepinn på at gahal er ikkje berre eit abstrakt ord, men at denne «gahal» skal koma saman.

Hebraisk: «gahal»
= koma saman

I GT: gahal = Israel
som religiøs folkefor-
samling

I GT er gahal namnet for Israel som religiøs folkeforsamling, Israel som Guds utvalde folk.

Jfr. ordet «kyrkjelyd» – det skulle då vera det folket som lyder på (lyttar) kva Herren seier, og som lyder (adlyder) hans ord.

I NT: ekklesia = Guds
folk samla om
Guds ord

Vi samlar poenget slik: Ekklesia er Guds folk som kjem saman om Herrens Ord fordi det er kalla saman av Herren sjølv. I NT har ekklesia to aspekt. Det vert nytta om at forsamlinga (på ein stad, – i eit hus) er Guds ekklesia (ikkje berre ein del av). 1. Kor. 1, 2. Og ordet vert nytta universelt om den heile Guds kyrkje over jord. Matt. 16, 18. Ef. 1, 22.

(I den norske Bibelen vert dette gjerne markert med ordet kyrkja for det siste og ordet kyrkjelyd for den lokale forsamlinga – i bokmål: menighet – kirke).

Andre kyrkjeomgrep:

I NT er det ikkje berre omgrepet ekklesia som har med denne saka å gjera. Alle ord som har relasjon til Guds folk høyrer heime her. Guds hus, Guds tempel, Kristi lekam, vintreet og greinene.

**Guds folk = organisk
samfunn**

Guds folk er eit organisk samfunn (ikkje berre knytte til kvarandre som ein sopolime).

Ap.gj. 2, 42–47

Lat oss sjå på eit avsnitt, nemleg Ap.gj. 2, 42–47: «Dei heldt trutt fast ved læra åt apostlane og ved samfunnet, brødsbrytinga og bønene. . . . Og Herren la dagleg til kyrkjelyden dei som let seg frelsa.»

Gresk: koinonia
= samfunnet
1) samfunn med Jesus
2) samfunn med
kvarandre

Det ordet vi først skal ta fatt i er ordet «samfunnet» (gr. koinonia). Det vert nytta om personar som har del i noko saman. (Paulus nytta det m.a. om medarbeidarar som har del med han i tenesta for evangeliet, Fil. 1, 5). Innhaldet i dette ordet har to klåre aspekt i NT. Dei truande er av Gud kalla til å ha samfunn med Guds son (1. Kor. 1, 9), dvs. del i Jesu frelsesnåde. 1. Kor.

9, 23, Fil. 1, 5, Rom. 8, 17. Og for det andre – gjennom samfunnet med Jesus har også alle truande samfunn med kvarandre. Sjå 1. Kor. 10, 16–17 og 1. Johs. 1, 3.

Åndeleg organisk
samfunn
— samkome

Altså er dette eit organisk samfunn, og vi kan summera opp det vi har funne om ekklesia og koinonia slik: Guds folk har samfunn med Gud og kvarandre, eit åndeleg organisk samfunn på tvers av alle skiljeliner. Dette samfunnet gjev seg utslag i samkome. I NT kom dei saman i små og større einingar i tempelet, forsamlingslokale og rundt i husa. Desse samkomene var ikkje samlingar av menneskelege interessegrupper for ei eller anna sak dei ivra for. Dei kom saman fordi Herren hadde kalla dei saman.

Samkome om:

- 1) Guds ord
- 2) Nattverden
- 3) Bøna

Dei tre andre ledda i Ap.gj. 2, 42 gjev klår peikepinn om kva som skal stå sentralt i slike samlingar: *Guds ord, nattverden, bøna*. Det føregjekk nok ikkje etter eit stivt rituale, men desse «komponentane» var dei sentrale. 1. Kor. 14, 28. (Jfr. Luthers ord om at dersom ikkje Guds Ord vert forkynt, er det betre ein i det heile ikkje kjem saman.)

Det var naturleg at tenesta med «Ord og sakrament» vart den fremste tenesta i forsamlingane. Det var av desse Guds gåver folk skulle få åndeleg mat og næring.

KYRKJA I VEDKJENNINGSSKRIFTENE

Kyrkja — Kristi lekam

«Når man skal definere hva kirken er, så må man definere den kirke som er Kristi legeme, og som er kirke både i navn og gavn,» skreiv Melancton i sitt forsvarsskrift for den Augsburgske vedkjenninga (Apologien). Med det har han uttrykt poenget vi fann i NT (og som understrekar at luthersk vedkjenning er ikkje over/ved sidan av, men ei vedkjenning *til* Bibelen).

CA sitt «kyrkjesyn»

Vi finn reformasjonen sitt «kyrkjesyn» i to artiklar i CA og i katekismeforklaringa til den tredje art.

Dei to artiklane i CA er desse:

CA 7: OM KYRKJA

«Likeeins lærer dei at det alltid vil verta verande ei heilag kyrkje. Men kyrkja er forsamlinga av dei heilage, der evangeliet vert lært reint og sakramenta forvalta rett. Og til sann einskap i kyrkja er det nok å verta samd om evangelielæra og om forvaltninga av sakramenta. Men det er ikkje naudsynleg at det allstad er einsarta menneskelege overleveringar eller skikkar eller seremoniar som er fastsette av menneske. Som Paulus seier! Ei tru, ein dåp, ein Gud og Far åt alle osb.»

CA 8: KVA ER KYRKJA?

«Jamvel om kyrkja i eigentleg tyding er forsamlinga av dei heilage og sant truande, er det likevel, då mange hyklarar og vonde er blanda inn i henne i dette livet, tillate å nytta sakrament som vert forvalta av vonde, i samsvar med Kristi ord. «På Mose stol sit dei skriftlærde og farisearane osb.» Både sakramenta og Ordet er verksame på grunn av Kristi skiping og påbod, endå om dei vert gjevne ved vonde.

Dei fordømer donatistane og liknande, som nekta at det var tillate å nytta tenesta åt dei vonde i kyrkja, og meinte at tenesta åt dei vonde var unyttig og uverksam.»

Her er ikkje plassen å leggja ut alle sider ved kyrkjesyntet. Vi vil ta med det som er særleg aktuelt i vår samanheng i høve til lekmannsrørsla sine ideal.

Vi trekkjer ut tre vesentlege poeng:

Tre hovudpoeng

- 1) samfunn av personar
- 2) samla kring nådemidla
- 3) ikkje guddommeleg organisasjonsform

1. Kyrkja er *eit samfunn av personar*, «forsamlinga av dei heilage», CA 7, « forsamlinga av dei heilage og sant truande», CA 8.

Vi kallar dette gjerne *eit personalt kyrkjesyntet*. Vekta ligg ikkje på organisasjonsordningar, men på personane i ordningane. Luther sjølv lika ikkje ordet «kyrkje» så godt. Han ville heller tala om kristenfolket eller eit kristent folk. Ordet kyrkje syntest han var «et blindt, utydlig ord». I forklåringa til den tredje art. i Den store katekisma seier han m.a. «Når mindre opplyste folk hører det (ordet kyrkje), tenker de ikke på en forsamling, men på den innvidde kirkebygningen . . . På vårt morsmål skulle det helst kalles en kristen menighet eller forsamling, eller aller best og klarest «en hellig kristenhet».»

Vekta ligg altså som Melancton sa det, på den kyrkja som er Kristi lekam.

2. Kyrkja er personane som er *samla omkring nådemidla*. Kyrkja er ikkje kva som helst religiøs gruppe samla om elles gode føremål. Nei, det er folket som er fødd på ny av Guds Ande. Og som lever av nådemidla som Anden nyttar. Vi las det i CA 7 slik: «Forsamlinga av dei heilage, der evangeliet vert lært reint og sakramenta forvalta rett». Difor står Ordet og sakramenta sentralt i den lutherske kyrkja, og kampen for rett lære høyrer med her.

Etter luthersk kyrkjelære er det nok for kyrkjeleg einskap å vera samd om «evangelielæra og om forvaltninga av sakramenta.» Dette fører oss over til det tredje momentet som vi vil understreka:

Det tenlege for evangeliet

3. Kyrkjeordning, *organisasjonsform* o.l. er ikkje guddommeleg. D.v.s. slike ordningar (menneskelege skikkar) treng ikkje vera einsarta innan eller mellom kyrkjesamfunn for å unngå kyrkjesplitting i eigentleg forstand. (Jfr. CA 7). I luthersk kyrkje-lære skal menneskelege ordningar skipast etter *kva som best tener evangeliet på kvar stad og til kvar tid!* At dette først og fremst går på tilhøva innan ei og same kyrkje, skjønar vi m.a. av den ting at Luther ønskte ikkje primært å bryta med den katolske kyrkja. Han var først og fremst interessert i å få bort misgrepa som var grunna på falsk lære, og ikkje nødvendigvis viktig å få bort alle skikkar som han ikkje likte.

Kyrkjeleg nattverd — fri nattverd

Semje om sakramentforvaltning – har det noko å seia til oss i spørsmålet om «kyrkjeleg nattverd – fri nattverd»? Ja, det har det, men ikkje slik det i frå visse kyrkjelege hald vert hevda: berre ei nattverdforvaltning er rett, fri nattverd er kyrkjesplittande. Dette kan ikkje vera reformatorane sitt prinsipielle syn – om dei hadde aldri så lite greie på fri nattverd i praksis. CA er jo skreven både på latin og tysk. Vår oversetjing ovanfor er av den latinske utgåva. Den tyske utgåva er ikkje i alle detaljar kopi-oversetjing av den latinske. I CA 7 der latinteksta i norsk oversetjing lyder «der evangeliet vert lært reint og sakramenta forvalta rett» seier den tyske teksta det slik: «der evangeliet vert preika reint og dei heilage sakramenta vert utetla *i samsvar med evangeliet* (utheva av oss). Og når det i CA står at det er nok for sann einskap i kyrkja å vera samd om «evangelielæra og om forvaltninga av sakramenta», uttrykkjer den tyske teksta seg på denne måten: «at evangeliet vert forkynt på einig vis etter si rette meining og at sakramenta vert utetla *i samsvar med det gudommelege ordet.*» (utheva av oss).

«Den teologiske nattverdforståinga»

Fri nattverd — fri forkyning

Poenget i vedkjenninga er altså ikkje praktisk ordning, men det vi ville kalla «den teologiske nattverdforståinga». Elles må det leggjast til at CA gjer ikkje skildnad på Ordet og sakramenta. Er det «kyrkjeleg» ikkje rett å samlast om nattverden fritt, er det like urett å samlast om Ordet! (meir om dette seinare).

Det personale kyrkjesynet

Som kort konklusjon kan vi då her seia følgjande: I lekmannsrørsla legg vi stor vekt på dette personale kyrkjesynet. Difor ønskjer vi å samla dei truande i samfunnet av dei heilage, i vennesamfunna rundt i bygd og by. At dette skjer fritt – og sjølvstendig – i høve til den offisielle kyrkja sine organ, ser vi ikkje som kyrkjesplittande, men som tenleg for evangeliet i vårt folk. «Etter luthersk lære har kirken bare ett kjennetegn, nemlig at Guds ord blir forkynt rett og sakramentene forvaltet rett.» (C. Fr. Wisløff).

Det Vestlandske Indremisjonsforbund i norsk kyrkje- og organisasjonsliv

1. DVI SIN FRAMVEKST

DVI skipa i 1898

Den 19. oktober 1898 er fødselsdagen for DVI. Denne ettermiddagen møttest ei hundretals forsamling i Misjonshuset i Bergen for å ta stilling til om det skulle skipast ein eigen indremisjonsorganisasjon for Vestlandet.

Andreas Lavik

Møtet var godt førebudd. Tidlegare same året (6. febr.) hadde Andreas Lavik (1854–1918) halde eit foredrag i Bergens Indremisjon. Det var eit mykje grundig gjennomarbeidd foredrag. Han sa sjølv at foredraget var også nøye prøvd og drøfta med fleire teologar og lekfolk som han hadde rådført seg med.

Innbydinga til
skipingsmøtet

Saman med dette foredraget hadde ei nemnd (presten Brimnes, Jakob Traasdahl og Andreas Lavik, Forbundet sin første sekr.) laga eit sirkulære som vart send ut til indremisjonsvennene. På stiftingsmøtet gav så Lavik ei orientering og slutta slik:

«Utsendingsmøtet danner et indremisjonsforbund og gir det navnet: Det Vestlandske Indremisjonsforbund.» Utan noko debatt vart det gjort einstemmig vedtak. DVI var eit faktum i norsk kyrkjeliv.

Lang mogningstid

Ikkje berre foredraget for stiftingsmøtet var grundig førebudd. Heile samlings-saka hadde modna gjennom lang tid. Gjennom andre halvdel av hundreåret var det stifta mange lokal- og fellesforeningar. (Bergens Indremisjon (1863), Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonssamskipnad (1864). Samlingstanken hadde og vore framme, ikkje minst etter initiativ frå Andreas Lavik i 1884. Når det likevel hadde teke ei viss tid, skuldast det fleire årsaker. Tida og situasjonen gjorde det mest naturleg å konsentrera arbeidet på det lokale planet. Sentrale samlings-tankar kom på tale i den grad det ville tena dette lokale arbeidet. Ein viktig grunn for dryginga med «vestlandssamling», var dei samlingsplanane som Det norske lutherske Indremisjonsselska-

Mange lokal- og
fellesforeningar

Ei «Landssamling»
eller ei eiga
«Vestlandssamling»?

pet arbeidde med. (Ei tid var det og eigen krins for Selskapet i Bergen, utan at det gav gjennomslag). Fleire av dei menn som hadde åndeleg autoritet på Vestlandet – t.d. Jakob Traasdahl og Tormod Rettedal – hadde vore med på ei tilråding om ei landsamling på eit møte i Stavanger, 1892. Berre to indremisjonsvenner frå Ålesund stemde imot på dette møtet. Den eine av desse to var Erik Solem, ein av dei som mest ivra for eiga vestlandssamling. Denne lina var det også som sigra på møtet i Bergen Misjonshus. Det lokale indremisjonsfolket var myndig nok til å gå den vegen det hadde tru for.

Men kvifor valde vestlendingane denne «sjølvstendelina»? For vår del vil vi leggja vekt på dei saklege grunnar som låg bak både av praktisk, organisatorisk og teologisk art.

Kvifor eiga vestlandssamling?

I eit innlegg i Sambåndet (1902) fortel Andreas Lavik noko om tankegangen bak eiga vestlandssamling. Ein eldre lekmann hadde i eit avisinnlegg skulda DVI for å vera ein splittande organisasjon, og nærmast difor ironisert over namnet «forbund.» Lavik såg det langt frå som splitting med fleire indremisjonsorganisasjonar. Det ville gleder Lavik, skreiv han, om ein på liknande måte starta eigen organisasjon t.d. i Nordland. Det ville ikkje vera splitting om ein også der starta eigen organisasjon i broderleg ånd (slik DVI ønskte å stå i høve til Selskapet.) Så presiserer Lavik kva han ser som den ytre organiseringa si oppgåve. «Hvorledes skal vi best fremme Guds rikes arbeide der hvor Gud har satt oss til gjerningen?» Ytre samling er fin, seier Lavik, «hvor det er nyttig til fremme av Guds sak – – og organisasjonen har det praktiske for øye på hvert sted.»

Vestlendingane fann eiga samling mest tenleg

Vestlendingane fann altså at eiga samling var best *tenleg*. Dei fann nok ut at det var ei viss lynne-skildnad mellom aust og vest. Men dei meinte helst at det ville vera tungrodd og uhøveleg om indremisjonsarbeidet vestpå skulle styrast frå Oslo. Men ved sida av denne praktiske grunngevinga, hadde visseleg vestlendingane *teologiske grunnar* med i sine vurderingar. Det som låg i kjølevatnet frå nødsprinsippet sine dagar når det gjaldt kyrkje- og embetssyn, var ikkje gløymd. Vi skal også vera klår over at i forkyninga var den rosenianske tonen sterkare vestpå den gongen.

Praktiske og teologiske grunngevingar

Forholdet aust-vest

Desse praktiske og teologiske grunnane får vi vitnemål om i ei fråsegn frå Forbundsstyret i 1899. Indremisjonselskapet si generalforsamling vedtok det året ein resolusjon der ein «har med beklagelse mottatt etterretningen om dannelsen af et udenfor Selskapet stående Vestlandske indremisjonsforbund.» Dette var Selskapet si «helsing» til Forbundet sjølv om DVI i sine lover hadde uttalt at «Like overfor landsindremisjonselskapet

**Trøyt av
forhandlingar**

bør det søke å bevare god forståelse og broderlig ånd.» (paragraf 5 siste setning). Som svar på dette kom Forbundsstyret då med denne uttalen: «Når det i resolusjonen er nevnt muligheden af en sammenslutning mellom Det norske lutherske Indremisjonsselskab og Det Vestlandske Indremisjonsforbund, saa vil vi dertil bemerke, at vi for nærværende neppe kan indlate oss på forhandlingler derom. Tiden er trett av denslags forhandlingler, og efter de gjorte erfaringer anser vi det for unyttig arbeid. Paa samme tid som vi vet oss i den beste forståelse med vore østlandske brødre med hensyn til indremisjonens formål, er det visstnok endnu adskillige synsmaater som vi ikke er enige i.»

Eit spørsmål som lenge skilde var synet på fri nattverd. Men sjølv om det ikkje skiljer lenger prisipielt, har Forbundet så seint som i 1970 sagt nei til samanslutning med andre organisasjonar. «DVI vart til ved eit Gudgjeve kall. Dette kall trur vi enno står ved lag. Men ein vil vera open for broderlege drøftingar med tanke på organisasjonsforenkling. Det same gjeld samarbeid om praktiske oppgåver.» (Frå kommunikeet frå rådsmøtet, 1970).

**Forbund av frie og
sjølvstendige kretsar
og foreningar**

2. DVI SIN ORGANISATORISKE PROFIL

Skal vi i det følgjande kort prøva å teikna DVI sin profil, er det heilt naturleg å starta med den indre organisatoriske profilen. «Når så spørsmålet om dannelsen av en felles organisasjon ble drøftet, ble det klart at det ikke kunne bli noe selskap, men et forbund av frie og selvstendige krester og foreninger» (Birger Aadland). «Forbundslina» – som vi seier – kom fram i paragraf 1 og 4 i dei første lovene og noko i paragraf 2.

«Forbundslina:»

Paragraf 1: «Forbundet består av de indremisjonsforeninger og fellesforeninger som melder seg inn i det.»

Paragraf 2 første del: «Forbundets formål er å være et sambånd mellom de enkelte foreninger og fellesforeninger til felles støtte og hjelp i arbeidet for Guds rikes sak, . . .»

Paragraf 4: «De enkelte foreninger eller fellesforeninger beholder fremdeles sin fullkomne frihet og selvstendighet i alle sine egne anliggender, også når det gjelder virkemåten og virkemidlene.»

**Forbundslina
= DVI sitt varemerke**

Forbundslina har vore DVI sitt varemerke, men augo har alltid vore vende mot kva som praktisk tener å fremja Guds rike, som Lavik sa det i 1902. Då har sjølvsagt også denne saka vore drøfta gjennom tida som har gått. Desse drøftingane har og i noko grad vorte avspegla i lovendingar (utan prisipiell endring).

Paragraf 4 vart etter ei tid endra til: «De enkelte foreningar har frihet og selvstendighet til å ivareta sine egne anlegg, også når det gjelder å kalle arbeidere.» I dei lovene Forbundet vedtok i 1961 er paragrafane redigerte på ein annan måte, men forbundslina er ikkje mindre klår.

Paragraf 1a: «D.V.I. er dei samskipnader, fellesforeningar, krinsar, lokallag og finnmarkslag som meldar seg inn i det, og som er samde i paragraf 2 og 3.»

**Forbundet
= hovud- og sentral-
organ**

Forbundet er hovud- og sentralorgan for dei innmelde laga og skal vera til sams stønad og hjelp i arbeidet for Guds rike i folket vårt. Kvar samskipnad og krins har rett til å ordna sine eigne saker. Skal dei kalla faste arbeidarar eller setja i verk større økonomiske tiltak, bør dette leggjast fram for Forbundsstyret til uttale. Forbundet inneheld einingar av ulik storleik. Fem ulike namn er nytta i paragraf 1a som vi såg.

Korleis bør vi tenkja om forbundslina idag?

**Brei støtte i
indremisjonsfolket**

For det første kan vi slå fast at denne linja har brei støtte i indremisjonsfolket. Ein ser det som mest tenleg at styringa ligg så nær lokalplanet om mogeleg. Organiseringa si fremste oppgåve er jo å vera tenar for dei lokale vennessamfunna. I organisasjonsmodellen ligg truleg og ønsket frå dei ulike delane av Forbundet til å ta vare på sin integritet og nyanse som det kan vera i syn på visse ting.

**Samling i eit fritt
forbund**

For det andre vil vi understreka at vi idag ikkje berre treng eit fritt forbund, men også *samling* i eit fritt forbund. Eit desentralisert organisasjonsmønster må ikkje seia det same som eit svakt sentrum. Det er mykje viktig at indremisjonsfolket, lokale og regionale organ sluttar opp om Forbundet sentralt. Forbundet har liten organisatorisk innverknad ut over sin eigen midte. Men det er tenleg at Forbundet har *ådeleg autoritet* både innover i indremisjonsarbeidet og utover i kyrkja og samfunnet. Det er viktig at Forbundsleiinga kan vera trygg på at det har «fotfolket» med seg når det stig fram i dagens åndssituasjon. Men det er igjen avhengig av at folket kjenner åndeleg respekt for og tillit til det som vert tala.

**Nært samvirke med dei
einingar som utgjer
Forbundet**

For det tredje må det då understrekast at Forbundet sin autoritet får det rette innhaldet når ein har nært samvirke med dei einingane som utgjer Forbundet. Lavik som drøfta det første foredraget med medarbeidarar, synta eit mønster om korleis forbundsleiinga til ei kvar tid må leva nær medarbeidarane rundt i dei ulike delane av DVI. Ekstra viktig er det med ope og nært samarbeid mellom dei som utgjer rådsmøtet. Denne tanken finn vi også uttrykt i Forbundsstyret si motivering for å oppretta eit rådsmøte i 1949.

- Rådsmøte** «Styret er forvissset om at en sådan ordning vil styrke samfølelsen og øke interessen for arbeidet innen Det Vestlandske Indremisjonsforbund både hos lederne og hos folket rundt om i de forskjellige distrikter, likesom styret på denne måten vil få en langt bedre kontakt med lederne og derigjennom også en bedre orientering om kristenfolkets syn på de forskjellige saker. Særlig dette siste ser styret som en overmåte viktig ting, at det mellom styret og det arbeidende kristenfolk kan skapes best mulig kontakt for derved bedre å kunne fremme Guds sak i vårt folk.»
- Fellesskap i åndeleg leiarskap** Åndeleg leiarskap for bedehusfolket og vennsamfunna er i seg sjølv stor nok oppgåve å stå saman om. Likevel er det naturleg å ta fram nokre av dei vesentlege «saker» ein har stått saman om. Slike saker vil det til ei kvar tid vera aktuelt å vurderer og finna strategi for. Vi nemner nokre av dei viktigaste «samarbeidsprosjekta».
- «Samarbeidsprosjekt» Heile Forbundet står saman om fleire diakonale- og undervisningsinstitusjonar (Alders- og barneheimar i Finnmark, Jordbruksskulen i Lyngdal, Bibelskulen i Bergen. Sameleis er DVI med i m.a. folkehøgskuleverksemd saman med andre organisasjonar, og står med bak NLA).
- Bibelskulen**
 — profilerande for DVI
 — ein hjørnestein i arbeidet
 — eit hjartebarn for kristenfolket
- Når vi vel å nemna særleg *Bibelskulen*, er det fordi denne etter sin art er naturleg profilerande for indremisjonsarbeidet. Skulen i Bergen er eldst i sitt slag i landet, og 10 år eldre enn Forbundet. Bibelskulen har vore og må vera ein vesentleg hjørnestein i indremisjons- og lekmannsarbeidet. Eit myndig lekfolk kan ikkje vera ulærde i Ordet. Særleg kan det ikkje vera så når ein som Forbundet har som motto: «Med Guds ord til folket». Bibelskulen bør vera eit kjærte hjartebarn for kristenfolket på Vestlandet.
- Sambåndet** Eit av Forbundet sine første og kjære born, er *Sambåndet*. Alt i skipingsåret vart første nummer sendt ut. Eit slikt hovudorgan har ein viktig funksjon i ein organisasjons liv og gjerning. Det treng omsorg og forbøn slik at bladet si røyst kan ha åndeleg autoritet i folket.
- Finnmarksarbeidet** *Finnmarksarbeidet* har og vore sett som eit fellestiltak i DVI heilt frå vedtaket om å arbeida i Finnmark vart gjort i 1909. Finnmark stiller ein overfor store utfordringar dersom ein skal nå folket med evangeliet. Geografien med store avstandar steller i seg sjølv ressurskrevjande krav til tenesta i nord. I Forbundet arbeider ein med omorganisering av arbeidet i Finnmark (1980). Til nå har arbeidet her stått i eit nærare tilhøve til organisasjonen sentralt. Det er nå under omlegging for å koma meir på line med dei andre delane av Forbundet. Dette er ei naturleg utvikling. Men det vil ikkje vera mindre viktig at arbeidet i Finnmark fram-

leis kallar på sams innsats i bøn, økonomi og arbeid i tida framover.

Forkynnartenesta

Frå omtalen av finnmarksarbeidet er ikkje vegen lang til å omtala det som har vore og må vera Forbundet sitt sentrum: *Forkynnartenesta*. Synet for forkynnartenesta høyrer med til årsakene til at vi fekk eigen indremisjonsorganisasjon på Vestlandet.

Indremisjonsleiarane på Vestlandet var overtydde om at Guds Ord gav lekfolket rett til – og med det ansvar for – å forkynna Ordet. Difor høyrde det med til den nye organisasjonen sitt fremste mål at styret skulle hjelpa til med «å oppsøke, få fatt i og utveksle duelige arbeidere». (Paragr. 3 i dei første lovene).

DVI sin forkynnarstab har dels vore tilsette i Forbundet direkte eller i dei ulike krinsane.

Halvårsarbeidarar

Birger Aadland kommenterer arbeidarsituasjonen slik i Leiarboka: Han nemner vansken med å kunna ha halvårsarbeidarar framover, og held fram «det spør om ikke utviklingen går i retning av helårsansatte som plasseres på et mer avgrenset område.

Distriktsarbeidarar

Spesialarbeidarar

Tiden krever og mer enn før spesialarbeidere. Det blir en stor og krevende oppgave i framtiden å finne disse, og plassere dem rett etter kall, nådegaver og naturgaver.»

Hyrdegåva

Denne lina har vel og synt seg å vera vegen. I det heile er det vesentleg at ein i DVI har nær kontakt med kvarandre – slik at ein best mogeleg kan følgja saman den strategi som er best tenleg for å fremja evangeliet. Då vil det syna seg at ein både har bruk for stasjonære og faste arbeidarar ikkje minst med hyrdegåva. Men også vil ein ha stor trong for mobile arbeidarar som kan vera der dørene særleg opnar seg. Til dette vil ein særleg ha trong for vekkingsgåver, og nådegåver til å læra. I tillegg vil det truleg vera sær s viktig å fornya ein gammel strategi – sende ut personar på fritida to og to for å halda oppbyggjingsmøte rundt ikring.

Vekkingsgåver

Lærargåver

Fritidsforkynnarar

Forkynnarane og vennsamfunnet

Grunnføresetnaden for at Forbundet kan senda ut arbeidarar, er at vennsamfunna er vakne for dette. Unge nådegåver må elskast fram og hjelpast til å prøva seg. Dette ansvaret ligg på oss alle.

3. DVI SIN TEOLOGISKE PROFIL

I 1970 drøfta Forbundet tilhøvet til andre organisasjonar, og spørsmålet om eventuell samanslåing var oppe. Som vi har nemnt tidlegare, sa rådsrådet i DVI nei til samanslåing (Stordvedtaket), eit standpunkt som årsmøtet følgde opp. I eit intervju gav gen.sekr. Aadland grunngjeving for vedtaket: «Det er fyrst

DVI ikkje nokon homogen masse

og framst det faktum at DVI ikkje er nokon homogen masse. Vi har i vår organisasjon folk frå ytste høgre fløy til dei mest radikale i kristenfolket, og ei samanslutning i ei bestemt lei ville soleis ekskludera mange av våre medlemmer.»

Klår hovudline

Når vi skal prøva teikna Forbundet sin «teologiske profil» er det naudsynleg å ha dette i tanken om vi vil vera historisk korrekte. Men nyansane tyder ikkje at DVI har hatt/har ein diffus profil. Vi kan finna «episodar» som har drege i ulik leid og skapt ein del strid. Sameleis kan ein peika på einskilte moment som har «brote» med den vanlege leida. Men dersom ein ikkje vil gjera desse «unnataka» til hovudregel, skulle det vera råd å teikna ein klår hovudline.

Fritt og sjølvstendig lekmannsarbeid

DEL AV DEN RADIKALE LEKMANNSRØRSLA

Det vil vera rett å seia først at DVI som organisasjon høyrer til den radikale lekmannsrørsla. DVI hevdar eit fritt og sjølvstendig lekmannsarbeid som fullt ut ønskjer å stå for lekmannsrørsla sine ideal.

Sokneprest Grimnes
Kjøpmann Frønsdal
Sekretær Lavik

DVI hadde frå starten dugande leiarar som teikna profilen, ikkje minst sokneprest Grimnes, kjøpmann Frønsdal og (aller mest) Andreas Lavik som vart første sekretæren.

Lavik sin programtale

La oss venda attende til foredraget som vi må seia danna opptakten til Forbundet. Foredraget som vart halde av Andreas Lavik på eit stort møte i Betlehem den 6. februar 1898 (seinare prenta i Sambåndet) «Hvorvidt bør indremisjonen inordnes under det kirkelige embede, m.m.»

Talen vart ein programtale for organisasjonen som var i emning. Lavik uttrykte målsetjinga slik: «Hvorledes indremisjonen på beste måte kan arbeide, saa den formaar at utfylle sin plads og udføre, hvad den er bestemt til å være for vort folk.» Lavik knytte til to aktuelle trekk i samtida.

Indremisjonen styrt av presteskabet?

Først nemnde han eit forslag som året før var sett fram i avisene frå «flere lege medlemmer» om eit «udkast til love for Bergen og omegns fellesforening for den indre misjon.» Poenget i dette forslaget var dette: lokale indremisjonsforeningar i kvart prestegjeld. Gjennom deputerte skulle lokalforeningane ha øvste mynde og «det kirkelige embede skulle faa den ledende indflytelse paa indremisjonsvirksomheten.» Meininga med det siste var prestar (i embete) i styret og som sjølvskrevne formenn.

For det andre nemnde Lavik den tendens han meinte å sjå innan Indremisjonsselskapet og Kristiania Indremisjon. Der syntest han det hadde vorte meir og meir vanleg å bruka prestar og teologar i framtrædande stillingar i arbeidet. Lavik såg i dette

ein tendens til medvite eller umedvite å vilja leggja indremisjonsarbeidet inn under presteskabet. Lavik bed om gjennomtenkjing av situasjonen som desse to momenta inneber. For lekfolket på Vestlandet er dette «dog aabenbart at slaa ind paa nye veie.» Lavik sa at han ville ikkje presteskabet til livs. Han respekterte dei, og ønskte dei Guds velsigning over deira gjerning. Han gjekk så langt som til å seia at han anerkjende deira embete fullt ut og den gjerning dei var sette til å utføra. Sameleis understreka han truskap mot vedkjønninga.

Lavik si problemstilling er likevel denne: «Er det forsvarligt af os lægfolk at lade ledelsen af den indre misjonsgjerning gaa ind under presteskabet eller det kirkelige embede, som man pleier at kalle det – og er det rett af os i logisk følgerække hermed at optage prester og teologer i indremisjonsarbeidet saaledes at lægfolkets eget arbeid trænges tilbage?» Lavik nemnde så tre grunnar for ikkje å leggja indremisjonsarbeidet inn under presteskabet.

Ikkje indremisjonsarbeidet under presteskabet p.g.a.

- 1) presteutdanninga
- 2) presteutnemninga
- 3) den moderne bibelkritikken

1. For det første har ikkje lekfolket innverknad på *presteutdanninga* og professortilsetjingar. Dette såg han svært alvorleg på. «Thi gennem uddannelsen grundlægges jo hele deres senere gjerning.»

2. Vidare nemnde han at lekfolket hadde ikkje innverknad på *utnemninga* av prestane. Heller ikkje kunne dei få ein prest avsett om dei meinte han ikkje lærde og levde i samsvar med Bibelen og vedkjønninga. Under slike tilhøve kunne ein ikkje leggja indremisjonsarbeidet inn under embetet, men måtte stella med det sjølv. På den tid hadde nok Lavik som mange lekfolk på Vestlandet frikyrkjetanker i det han legg til «i allefald til det kristelige samfund her i landet kommer ind under ganske andre vilkaar end de nuværende.»

3. Som det tredje moment nemner så Lavik det som han såg mest alvorleg på: *den moderne bibelkritikken* som «er rasjonalismens banebryter.» «Her er maaske den største fare for vor kirke ved udgangen af dette aarhundre, som ved udgangen at det forrige. Og faren bryder ind fra oven i kirken. Det er fra de videnskabelige teologer og de mest fremtredende prester denne bibelkritikk kommer.»

Det er klårt at eit foredrag som dette i ein historisk spesiell situasjon ikkje i og for seg skal leggjast under dogmatisk lupe. Men les vi det saman med Forbundet si soge, teiknar foredraget utan tvil den profil som er DVI sin.

I forståinga av det allmenne prestedømmet, la Forbundet sine leiande menn stor vekt på dei truande sin rett til å lesa Bibelen sjølv utan å bøya seg automatisk for det teologane hevda. Vi

Lekfolket sin rett til sjølv å lesa og tolka Bibelen

skal ta eit glimt frå eit foredrag som ein av Forbundet sine klår-tenkte lekmenn held i Ålesund 1905. (Foredraget er noko omarbeidd og trykt i Sambåndet 1906). I dette foredraget kjem Johs. Solem inn på utnemninga av Johannes Ording til professor i systematisk teologi ved Universitetet i Oslo. Då uttala fleirtalet av lærarane ved Det teologiske fakultetet seg om at Ording fall innafør «den lutherske grundtype.»

I eit avisinnlegg hadde så professor Morgenstjerne (som ikkje var teolog) «belært» at ut frå dette «er sagen afgjort for os lægfolk.» Solem kommenterer slik: «Indbiller «lægmanden» professor Morgenstjerne sig at det kristeligt interesserede lægfolk her i landet vil lade sig dupere af et sligt imod al protestantisme stridende resonnement?» Solem poengterte så at i ei protestantisk kyrkje går vi til Ordet og vedkjenninga direkte.

Eit folk av lesarar

Ja, nettopp dette prinsippet – i samsvar med Guds Ord – har vore til rik signing for Den norske kyrkja. Guds folk har sjølv gått til Skriftene og late seg læra av Gud – eit folk av lesarar.

Vi finn eit stykke i Sambåndet i 1904 «Til legpredikanter» (usignert, men truleg av red. Lavik.) Nemner her at visse moderne teologar er overberande i si haldning til lekfolk og emissærar, så skriv han: «Det gaar an at tænke sundt og forstandigt i alt, som angaar frelsens sandheder om man ikke sætter til livs alle de lærde tyske theologiske verker.» Dette tyder ikkje at ein har liten vørnad for innsikt i Guds Ord. I det ovafor nemnde stykket til lekpredikantane, held også Lavik fram med å seia at det er ikkje rosverdig å vera uvitande. Klagemåla må føra til audmjukt, alvorleg arbeid. «Thi vi trænger kristenlivets indre vækst og vi trænger at gaa frem i kundskab og erkjendelse. Arbeid derfor flittig på din egen udvikling, du lægmand, som taler Guds Ord.»

**Oppmoding til
lekpredikantane om
grundig arbeid med
Guds ord**

PLASS TIL TEOLOGAR OG PRESTAR

**Ikkje plass for prestar
og teologar?**

DVI er ein lekmannsorganisasjon som på klår og radikal måte hevdar lekfolket sine «rettar» og ansvar. Det ligg då nær for mange å spørja: tyder dette at prestar og teologar ikkje rettmessig høyrer heime i denne organisasjonen?

Vi går attende til Lavik som vi fleire gonger har sitert. Lavik seier at han var glad for kvar truande prest som støtta lekfolket sitt arbeid, «og tog gjerne en saadan med paa raad eller endog i bestyrelsen for arbeidet. Men da er det ikke fordi han er prest, men fordi han har sluttet seg til indremisjonens gjerning.» Det Lavik klårt såg var at indremisjonen «maa værne sig mot at komme ind under presteskabet som embedsstand betraktet.»

**Ikkje inn under
presteskapet**

Plass for teologar og prestar

At Forbundet ikkje skulle ha plass for teologar og presteordinerte, talar og i historiske kjensgjerningar imot. Mellom dei ivrigaste grunnleggjarane av Forbundet var presten O. K. Grimnes. Han hadde slik tiltru mellom indremisjonsvennene at han vart med i tremannsnemnda som førebudde stiftinga av DVI. Han vart og den nye organisasjonen sin første formann. Det er ingen spor etter at Grimnes ikkje hørde rettmessig med mellom indremisjonsvennene.

B. A. Lindeland

Han som har sete lengst på Forbundet sin formanns stol er også ein prest, nemleg B. A. Lindeland. Formann frå 1909–1932 vitnar vel om tillit og broderhand frå misjonsfolket. Seinare veit vi at prestar og teologar har vore med i Forbundet både i hovudleiinga, Bibelskulen og krinsstyra og lokalforeningane.

Som bror mellom brør

Dette er ikkje tilfeldig eller manglande vakthald omkring «lekmannslina». Prestar og teologar er med «fordi dei har slutta seg til indremisjonens arbeid», som Lavik sa det. Den prinsipielle plassen for alle i Forbundet er «som bror mellom brør». «De troende maa selv styre indremisjonsarbeidet og vaage over, at det drives med kraft og i den rette aand. Er presten med i dette arbeide som en broder iblandt brødre, da er det velsignet og hans naadegaver kommer til anvendelse som de andre troendes evner og gaver.» (Andr. Lavik).

Lekmann og teolog får oppgaver etter nådegåve og utrustning

Vi vil kalla dette eit klokt syn som er aktuelt framleis. Ikkje minst idag når ordet lekmann (som vi har peikt på før) er så uklårt og rommar så mange syn. Lavik sine ord konsentrerer seg om profilen og ideala – noko som gjev støaste kurs. I indremisjonen er vi med på likefot, og ein bør veljast til verv i styre eller stillingar etter nådegåve og utrustning. Å vera teolog eller lekmann er ingen kvalifikasjon eller diskvalifikasjon i seg sjølv. At teologar vert underkasta «ekstra kontroll» før dei «slepp til» i indremisjonsarbeidet, det bør teologane sjølv vera dei første til å skjønna. Det byggjer ikkje på negativ mistillit, men på den vakne røynsle at lekfolket sine ideal med omsyn til Bibelsyn, kyrkjesyn og arbeidsmåtar har tronge kår i teologiske utdanningsinstitusjonar som dei teologiske fakulteta.

«Ekstra kontroll» av teologer

Difor vil det og vera mykje naudsynt at indremisjonsfolket dreg omsorg for sine eigne unge som studerer teologi så dei kan hjelpast gjennom.

God kurs også i framtida

Vi for vår del vil seia: DVI bør ikkje leggja om denne kursen, men mange fleire teologar og lekfolk burde få augo opp for kor rett strategi dette framleis er i vår kyrkje.

Så er alle velkomne til å tena på likefot etter som ein har nådegåve til, om ein elles er i pakt med Forbundet sine ideal. Det er ikkje tale om prinsipielt nei til teologar frå DVI si side historisk,

Nei frå teologar og prestar?

men heller nei frå teologar/prestar til å høyra heime i organisasjonen med radikal lekmannsprofil.

«Den presten som i hjarta var ein indremisjonsmann, måtte så gjerne vera med i indremisjonen.» (Bernhard Eide om den prinsipielle avklåringa i oppstartingstida).

TILHØVET TIL VEDKJENNINGA

Til den teologiske profilen høyrer det med å nemna noko om DVI sitt tilhøve til den evangelisk-lutherske truedkjeninga. Det var stor semje om læregrunnlaget som vart nedfelt i dei første lovene: «på Guds Ords og den lutherske bekjennelses grunn» (frå par. 2.). Dette grunnsynet er nå uttrykt slik i par. 2 som har overskrifta: GRUNNLAG: «DVI byggjer arbeidet sitt på Guds ord og den evangelisk-lutherske vedkjening. På dette grunnlaget kallar og sender Forbundet ut arbeidarane sine.»

Dette hindrar ikkje at det nok frå tid til anna har vore noko usemje innan Forbundet i vedkjeningsspørsmål. Særleg har dette vel slege ut i sakramentlæra og synet på lova si tredje bruk (som rettesnor for kristne). Det første stridsspørsmålet var med omsyn til dåpen eller rettare konsekvensane av luthersk dåps-syn. Spørsmålet kom opp i samband med kall til vekkjingspredikanten Albert Lunde som hadde reformert dåpssyn og var atterdøyp. Grimnes gjekk imot å nytta Lunde, medan Lavik og Frønsdal såg på Lunde som eit unntak. Under dyktig strategi frå B. A. Lindeland kom Forbundet seg den gongen gjennom vansken. Det vil ikkje vera rett å kalla dette for eit prinsipielt romsleg tilhøve til vedkjeninga, men som Bernhard Eide skriv i 50-årsjubileumsboka: «Og Forbundslina er at dette skal reknast som eit unntak, så når nokon har vilja gjort det til hovudregel, har dei ikkje fylgd Forbunds-lina.»

Eit reformert læresyn og tilhøve til lova sin plass fekk ei avklåring i «Syn og retningsliner» som vart vedtekne i 1953. Dette skriftet gjev både klår vegleiing om DVI sin profil samstundes som det trekkjer grenser på både høgre sida (i høve til kyrkja) og på venstre sida (i høve til reformert læresyn).

I dåpssynet understrekar ein tilslutning til Pontoppidan.

Det tør difor vera rett å slutta seg til B. Aadlands ord i leiarboka. «Men sjølv om det stundom har vore strid om desse lærespørsmåla, har det aldri i ansvarlege instansar, så som årsmøte eller styre, korkje lokalt eller sentralt, vore gjort noko vedtak som har gjeve Forbundet eit anna læregrunnlag enn det som det opphavelig var skipa på. . . Grovt skissert kan ein vel seia at i

Semje om læregrunnlaget

GRUNNLAG:

Usemje i vedkjeningsspørsmål:
— Sakramentlæra
— Lova si 3. bruk

Albert Lunde

Hovedregel og unntak

«Syn og retningsliner»


Pontoppidan sitt dåpssyn

Forbundet:

- pietisme
- haugianisme
- rosenianisme

Forbundet har pietismen, haugianismen og rosenianismen runne saman til ein livsstraum som har prega læra og forkyninga.»

I den seinare tid då mange lærdomsvær prøver å vinna innpass i vennesamfunna, har Forbundet med styrke understreka tru- skap mot vedkjenninga som det støe ankerfeste for liv, lære og gjerning.



TILHØVET TIL DEN NORSKE KYRKJA

**Radikal
lekmannsorganisasjon**

DVI er ein radikal lekmannsorganisasjon. «Dette tyder ikkje, slik enkelte vil ha det til, at organisasjonen er uinteressert i Den norske Kyrkja, eller stiller seg negativ og avvisande til gudstenesta eller prestane. Tvert imot! Det har vore typisk for store delar av det folket som har fylka seg innan DVI at dei har slutta sterkt opp om t.d. gudstenesta og stått i nært samarbeidstilhøve til prestar og andre tilsette i den offisielle kyrkja.» (Kjell Bjørsvik). All røynsle talar for at dette er sant. Indremisjonsfolket har

**Slutta opp om
gudstenesta**

Omsorg for kyrkja

ofte vore dei beste støtter og forbedarar for kyrkja sitt arbeid. Ein har alltid gledd seg når Guds ord har vorte forkynt klårt og reint frå kyrkja sin talarstol. Sameleis har ein i omsorg for kyrkja kjent på sorg når tonen var uklår eller direkte gal.

Ikkje generell oppmoding om å slutta opp om gudstenesta

Indremisjonsfolket på Vestlandet ønskjer å slutta opp om gudstenesta, og ser stort på det. Men følgjer vi Forbundet sitt historiske syn og prøver å staka ut ein kurs framover, lyt vi seia at ei generell oppmoding om å slutta opp om gudstenesta kan ikkje gjevast. Det er ikkje indremisjonsfolket si skuld, men den uklåre forkyning som trengjer på, og som har utgangspunkt i eit bibelsyn som mykje vert dosert ved læreinstitusjonane, og som lekfolket ikkje kan ha tillit til. Men ein kvar prest som lærer og lever i samsvar med Bibelen og vedkjenninga vil indremisjonsfolket møta som ein Herrens tenar og ikkje berre som ein statsfunksjonær.

Bedehuset = den åndelege heimen

Men å ha sin *åndelege heim* i kyrkja, er unaturleg for indremisjonsfolket. «DVI har sett det som ei hovudoppgåve å samla alle truande på same vedkjenningsgrunn til heilagt samfunn, til oppbygging i trua. Bedehuset har vore og er den naturlege samlingsstaden for truande på kvar stad. Her kan vennsamfunnet fungera og nådegåvene utløysast.» (Kjell Bjørsvik).

Indremisjonen «et felles hjem»

Kristenfolket treng «et felles hjem, hvor de møtes med hverandre og oppbygges på sin hellige tro og oppmuntrer hverandre til kjærlighet og gode gjerninger. Dette felles hjem bør indremisjonen være... Da må den være så pass upartisk at den gir plass både for «gamlemisjonsfolk» og kinamisjonsfolk, santalfolk og finner osv.» (Johs. Solem).

Fri stilling til kyrkja og presten som embetsmann

Historisk har det vore viktig å markera det frie lekmannsarbeidet sin frie stilling til kyrkja og presten som embetsmann. Det er ikkje aktuelt idag heller. Høgkyrkjeleg embetstenking gjer seg framleis (kanskje med fornya styrke) gjeldande i Den norske Kyrkja. Prestar ønskjer å ha monopol på å formidla nådemidlane, og sjølv om ein kan sjå positivt på lekmannsarbeidet for indre- og ytre misjon, vil dei trekkja folket inn under kyrkja og med presten som «husfar i heimen». Dette lyt alle vi med lekmannssyn seia nei til. Indremisjonsfolket har sin heim i det frie vennsamfunnet.

Den kyrkjelege rådsstruktur — «kyrkjeleg aktivitet»

Idag er det like viktig å hevda dette synet i høve til den kyrkjelege rådsstrukturen og det arbeid som skjer i regi av denne gjerne kalla «kyrkjeleg aktivitet».

Sokneråda

Sjølv dette siste uttrykket er av nyare dato, men saka har line tilbake til opprettinga av sokneråda. Lova vart vedteken i 1920 og tok til å gjelda frå 1922. Lova gav klårt tilkjenne sokneråda sitt mandat om å «ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å fremme det kirkelige liv i menigheten, særlig for

at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og dødende betjent dermed, ungdommen samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.» Det er lett å skjønna at dette måtte føra med seg vanskar i den norske kyrkjegeografien. Det som først var stridsemne, var sjølve valordninga. Alle med statskyrkjeleg medlemskap kunne veljast og velja til dette rådet som skulle «sette igang og lede kristelig virksomhet i soknet.» Før lova kom var det stor kyrkjeleg semje om at slik valordning ville ein ikkje ha. Heller ingen sokneråd, enn på slikt grunnlag, var parolen på førehand. Etterpå var det helst lekmannsrørsla som hugsa prinsippet. Ein kunne ikkje «byggja huset på slik grunn.»

Menighetsinstituttet

Striden om den kyrkjelege aktiviteten har vore mest markert frå opprettinga av Menighetsinstituttet i 1956, og enno meir etter at rådsstrukturen fekk sitt sentralorgan, Kyrkjerådet.

Kyrkjerådet

Det er framleis mogeleg å finna rettleiing i den kurs Forbundet staka opp i 1956. (Sjå «Indremisjon i ny tid» s. 95ff).

Aktuelt framover

Det vil vera rett å trekkja inn ein del moment som vi meiner er vesentleg for oss i lekmannsrørsla på dette området idag og framover.

Samarbeid

Vi gled oss over alt som vert gjort på Guds ords grunn for å føra menneske til levande tru og vara dei i samfunnet med Kristus. Det gjeld også arbeidet i rådsstrukturens regi.

Der det er åndeleg grunnlag for det, kan ein og samarbeida med t.d. sokneråd om einskilde tiltak (evangeliske aksjonar eller meir permanente tiltak).

«Fyll institusjonane»?

Når mange indremisjonsfolk nå har vanskelegare enn før for å «fylla institusjonane» (som det gjerne heiter med eit uttrykk frå Johan Martin Wisløff, ein av Indremisjonsselskapet sine store leiarar), så har det sin grunn både i presset frå pluralistisk teologi i kyrkja, og presset til å arbeida i rådsregi i staden for å knyta arbeidet til vennesamfunnet.

«Kyrkja sjølv»

Den offisielle kyrkja sine rådsorgan pressar meir og meir fram det syn at det er dei som representerar «kyrkja sjølv», medan organisasjonane skal «få lov» å sjå seg som spesielle sektorar og arbeidsgreiner.

Situasjonen lokalt

Det er ikkje alltid lett å sjå klårt dersom vi berre har augo vende mot situasjonen på ein lokal plass eit visst tidspunkt. Det kan vera mykje den same truande flokken som ber børerne både i kyrkje og bedehus. Tilhøva er rolege, og det er ikkje lett å sjå djupna i dei linene som leiarane sentralt trekkjer opp. Er ikkje dette vel hardt kan ein tenkja? Ja, det kan vera det. Ein skal aldri vera nøgd med å få positivt fram det ein har på hjarta. Men vi må likevel seia – vi må tenkja djupare enn som så. Vi får ikkje full oversikt over desse spørsmåla utan at vi ser dei i eit større lys.

«Den gilde truande presten»

Den «gilde truande presten» kan lett verta etterfølgd av ein med heilt anna syn (i teologi og embetssyn), andre kan snart overta plassen i soknerådet. Kva så? Rådsorgana er ikkje naturleg grunnlag for våre ideal.

Organisatorisk sjølvstende

Det er viktig å understreka organisasjonane sitt organisatoriske sjølvstende. Leiing og styreorgan vert valde av organisasjonen sine eigne medlemmer uavhengig av andre (t.d. sokneråd og prest.) Men det vi må sjå i augo meir enn før: Organisasjonane sin profil vert ikkje vara berre gjennom organisatorisk fridom. For å nytta eit bilete. Vi kallar organisasjonane røyrledningar. Innhaldet gjennom røyrledningen vert ikkje avgjort av om vi har ein eller ti ledningar, men ut frå kva kjelde dei er knytte til. Det er stor skilnad på om «leidningane» er knytte til det frie vennessamfunnet eller til rådsstrukturen sitt «kyrkjelege vennessamfunn». Dei frie vennessamfunna har verna den teologiske kursen.

Åndeleg sjølvstende

Difor trur vi frie vennessamfunn framleis må vera vegen. Det er den beste måten å utføra, både i og for kyrkja, det arbeidet vi kjenner kall til med dei ideala vi har tru for.

Tru for vennessamfunnet?

Det vil idag ikkje vera noko mål i seg sjølv å samla alle inn i dette vennessamfunnet. Dei som ikkje har tru for dette, må gjerne gå ein annan veg. Det er mykje meir naturleg enn at ein skulle gjera vennessamfunnet sin profil difus i ei tid den treng vera klår og stød.

Utviklinga i indremisjonen i Tyskland

Det vert stundom sagt at norsk kyrkjeliv tek for lite lærdom av andre land. Lat oss difor ta eit lite døme til lærdom og ettertanke her. Vi skal sjå innover utviklinga av indremisjonen i Tyskland. Johann Hinrich Wichern (som vi nemnde i opninga) er gjerne kalla indremisjonens far. Han starta med eit klårt åndeleg sikte. Ola Rudvin skriv om dette i Indremisjonsselskapets historie og held fram: «Tysk indremisjon kom ikke til å utvikle seg helt etter disse linjer.»

Innverknaden frå det sosiale arbeidet

Kvifor gjorde dei ikkje det? Rudvin gjev oss forklaringa. Ved sida av forkynninga kom det sosiale og filantropiske arbeidet til å dominera. Nye grupper vart involverte og tilslutta indremisjonen på sosialt grunnlag utan å ha dei åndelege ideala. Dette hadde konsekvensar. «Til å begynne med var det de vakte kretsene som var indremisjonens egentlige bærere. Men etter hvert som det sosiale arbeid mer og mer kom i forgrunnen, sluttet nye folkegrupper seg til, og tysk indremisjon utviklet seg til en bred, folkekirkelig bevegelse. Dette hadde sin tilbakevirkning på ledelsen og åndsmiljøet innen organisasjonen og dermed også det syn og den innstilling som kom til å prege bevegelsen.» (utheva av oss).

Å vara det eigentlege sjølvstende	<p>Det er sjølv sagt ikkje Rudvin si meining her å gje uttrykk for ei negativ haldning til sosialt arbeid (det var den gong preserande nød i Tyskland), men han peika på noko om vekselvirkninga mellom grupper ein «fangar» inn og leinga sin profil på sikt. Dette bør vi ikkje vera blinde for framover. Det er visseleg mange «bekker små» som har forma organisasjonane sin innhaldsmessige profil. Men hovudkjelda som har smelta saman til ein klår profil har vore – og bør vera – den frie forsamlinga – vennesamfunnet – på bedehuset og forkynninga her. Mister vi denne «plattforma» for arbeidet, skal det verta svært vanskeleg å vara organisasjonane sitt eigentlege sjølvstende.</p>
Bereevna ligg i det truande vennesamfunnet	<p>«Den åndelege bereevna ligg i det truande vennesamfunn. Om ein ikkje heilt ut bryt kontakten, men forsømer han av ein eller annan grunn, så vil det snart merkast på intensiteten i arbeidet. Me må vaka over oppkoma så ho ikkje turkar inn, og verna om henne så det ikkje kjem ureint tilsig. Heile misjonsarbeidet kviler på dette.» (Hans Sandvoll).</p>
«Kyrkjeleg arbeid»	<p>I tillegg vil vi ta oppatt noko vi understreka under ideala. Det er ikkje meir kyrkjeleg arbeid om vi arbeider i den offisielle kyrkja sitt regi. Om eit arbeid er kyrkjeleg eller ikkje det vert avgjort om det forkynner Guds ord rett og forvaltar sakramenta rett (i samsvar med evangeliet). Å ha heimen i vennesamfunnet er ikkje eit «nødprinsipp» ut frå problema og farane i kyrkja sjølv om dei i seg sjølv er store nok, og grunn nok til frie organisasjonar, men vi finn det fullt ut mogeleg ut frå vårt prinsipielle kyrkjesyn.</p>

FRI NATTVERD

Årsmøte for Vestlandske Broderring i 1906	<p>DVI sin profil er ikkje fullteikna før fri nattverd er teken med. «Kravet» om fri nattverd vart reist med full styrke på årsmøtet for Vestlandske Broderring i 1906. Ludvik Hope held foredraget og han må reknast som den fremste føraren for å kjempa dette fram. Men han fekk god støtte både av Andreas Lavik og presten Lindeland. Broderringsmøtet framheva tre poeng i 1906:</p>
Absolusjonen	<p>For det første var dei opptekne av at nattverden måtte skiljast frå <i>absolusjonen</i>. (Ein måtte den gongen gå til skrifte først. Det fann dei ikkje dekning for i Guds ord). For det andre spela <i>forma</i> i den kyrkjelege nattverden ei viss rolle (knelinga rundt alterringen). Dei synest samfunnsmåltidet for dei truande kom for lite fram. Og aller fremst hevda dei at det strir mot Guds Ord, og hindrar <i>rikeleg bruk</i> av nattverden at berre presten har fått i oppdrag å forvalta nattverden.</p>
Forma	
Rikeleg bruk	

Kyrkjekommisjonen
av 1908 —
A. Lavik var medlem

Denne fridommen som ein ønskte, fekk ein gjennom arbeidet til Kyrkjekommisjonen av 1908 (der Lavik var med). Kommisjonen seier m.a. «Nattverden tilhøyrer kyrkjelyden som ånds-samfunn og den kristne disippelflokken har like så stor rett til å samlast om nattverdbordet som den har rett til å samlast om Guds Ord.» Dette var jo i samsvar med CA 7 der ord og sakrament står parallelt.

Rett både til
nattverden og Ordet

Evangelisk-luthersk
nattverdsyn

DVI held på eit evangelisk-luthersk nattverdsyn. Nattverden er Jesu lekam og blod — gjeve som eit styrkjemåltid for dei truande til forlating for syndene.

DVI har stelt kyrkjeleg
og fri nattverd likt

Når det så gjeld spørsmålet om fri nattverd eller kyrkjeleg nattverd har Forbundet stelt båe likt. Dei aller fleste går til båe nattverdborda (som etter vår meining er det same nattverdbordet.) Det har og den konsekvens at ein har også rom for dei som går berre til det eine av dei to.

Calmeyergatemøte
i 1920

Det er situasjonar då det er særleg viktig å nytta fri nattverd. Vi tenkjer på det som var framme på det store Calmeyergatemøtet i 1920. «Hvor menigheten har prester, der vitterlig ikke forkynner det bibelske evangelium, hevder vi den levende menighets rett til på andre lovlige veier å betjene seg med Guds ord, dåp og nattverd.» Vedtaket vart gjort med 472 mot 334 stemmer. Usemja gjaldt berre ordet «lovlige». Mindretalet ville klårare hevda Guds folk sin prinsipielle rett til å ta desse sakene i eiga hand. DVI sine folk høyrde klårt til mindretalet, som Johs. Solem uttrykte det i eit foredrag i 1934: «Og har den levende menighet en sådan rett, så har det den ikke bare når det står en liberal prest borte i kirken, men den har den alltid. Det er bare det, at det er så meget mere grunn til å benytte seg av denne rett, når der står en liberal prest eller en annen vantro prest som ikke eier de troendes tillit.»

Svakt syn for
nattverden?

Det vart stundom hevda mot lekfolket at dei har eit svakt syn for nattverden. Det kan godt henda at Guds folk har for liten sans for dette styrkjemåltidet, som Jesus sa vi skulle nytta ofte. Men denne anklagen rammar ikkje dei som har hevda den frie nattverden sin rett. Som vi såg var det framme på Broderringsmøtet i 1906 at nattverden måtte meir i bruk. Det var sterkt med i ønsket om fri nattverd. Det er heller ikkje vanskeleg å finna døme på akkurat dette i uttale frå leiande menn i Forbundet.

Oppmoding til bruk
av den fri nattverden
i vennesamfunna

I ein artikkel i Sambåndet i 1906 tek Lavik opp nattverdsaka. Når reformer er «dagens løsen» i kyrkja, minner Lavik om at ein må då ikkje gløyma dei reformer «der møder det aandelige livs behov,» og nemner då fri nattverd. Han begynner i denne artikkelen med å seia at dei truande nyttar nattverden altfor lite, og held fram: «Dette er til stor skade for kristenlivet. Kanskje

lider ikke de troende saa stort tab paa noget punkt i vaar tid som nettopp her.» Ein slik uttale vitnar ikkje om svakt nattverdsyn. Lavik konkluderer slik: «Hverken at døbe, uddele nattverden eller forkynde Guds ord er af det nye testamentet knyttet til en enkelt stand. Det er de troendes eie, Guds menigheds dyre eie, som den ikke bare har ret, men pligt til *at forvalte saaledes, at det i den størst mulige udstrekning kommer dens lemmer tilgode.*» (utheva av oss).

Bedehuset ein heim

Hjelmeland 1840

Fleksibelt og lokalt strategisk

1. HUSET SOM IKKJE VIL DØY

«Huset som ikke ville dø» har Wiig Sjursen som overskrift på sitt avsnitt om bedehuset i Forbundet sitt 75-års skrift. Det er ein treffande karakteristikkk.

Som bedehuset si «vugge» vert rekna den «kyrkjestova» som haugianarane bygde i Hjelmelandsvågen i Ryfylke i 1840. Men det første huset som namnet bedehus vart nytta om, vart bygd på prestegarden i Skien i 1850 i samband med Lammervekkinga.

Seinare skaut det fart i bedehusreisinga ut over landet. Idag er det vel like mange bedehus i landet som kyrkjer, sjølv om bedehusa diverre ikkje dekker heile landet like godt. Her ligg store utfordringar framleis. (meir i neste kap.).

Vi kan ikkje her skildra bedehuset si soge. Heller ikkje kan vi i detalj skildra bedehusarbeidet idag eller i framtida. Det er viktig at det er mest mogeleg fleksibelt og lokalt strategisk for på kvar stad å møte utfordringane slik dei syner seg – i drabantbyar, etablerte industristader, vanlege bygdesamfunn eller i utkantstrøk med frå-flyttingsproblem.

I dette kapittelet skal vi derimot presisera ein del om bedehuslivet som vi meiner er vesentlege å ha augo vende mot uansett korleis den lokale situasjonen er, og uansett korleis kvart prinsipp må utmyntast i den lokale samanhengen.

I neste og siste kapittel vil vi så gå nærare inn på indremisjonen sin plass i denne lokale samanhengen. Der vil vi også – difor – nemna noko om tilhøvet mellom indremisjonen og dei andre organisasjonane i bedehuslivet.

Vi vil gjerne presisera at også desse to kapitla må lesast på bakgrunn av kapitla framføre. –



Bedehuset
= ei ytre ramme for
vennsamfunnet og
arbeidet ut frå dette
= ein heim der
nådegåvene kan verka

Bedehuset sitt føremål kan i alt sitt mangfald uttrykkjast slik: Vera ein ytre ramme for vennsamfunnet og arbeidet som spring ut frå dette. Vera ein heim der nådegåvene kan utfalda seg i pakt med dei ideal som lekmannsrørsla kjenner som sitt gudgjeve kall. Kort sagt vil bedehuset vera ein heim og ein misjonsstasjon. Arbeidsopplegg og forgreining lyt avgjerast ut frå lokale tilhøve. Men her skulle altså nemnast noko av det som må vera vesentleg på kvar stad.

2. SMÅMØTA

Stormøta = livsnerva

Overskrifta er eigentleg misvisande. Småmøta er nemleg *stormøta* i bedehuset – livsnerva i det programmet som er knytt til *bedehusnamnet*. Bøna er den truande sitt åndedrett. Bøna høyrer

**Bøn- og vitnemøta
= berebjelken i
bedehusarbeidet**

difor til i alle kristne samanhengar – i lønkammerset, i husandakten i heimen, gruppesamlingar og andre samanhengar. Men vi vil understreka at småmøta – at dei truande på kvar stad kjem saman på bedehuset til bøn og vitnemål – har vore *berebjelken* i bedehusarbeidet. Vi meiner at desse samkomene har overlag stort verde i tida framover. Dei høyrer ikkje berre fortida til.

**Samlingstaden for
bedehusfolket**

Difor oppmodar vi alle truande – unge og eldre – til å prioritera desse samkomene høgt. Det skulle vera samlingsstaden for alt bedehusfolket. Det er fint at det er bønnesamfunn i ulike grupper og foreningar. Sameleis at det vert danna mange bønneseller rundt om i venne- og grannelag (t.d. bønegrupper for husmødre når borna er ute og leikar eller på skulen). Men det er ikkje enten/eller.

Fast kveld

Det er viktig at også ein fast kveld vert sett av på bedehuset til bønne- og vitnemøte. Då skulle ingen andre «viktige møte» fortrengja småmøta som er dei verkelege stormøta. Då kan alle vita at den kvelden er det bønne- og vitnemøte.

**Ope og inkluderande
omsorgssamfunn**

Vi vil gjerne understreka at småmøta må vera eit ope og inkluderande omsorgssamfunn. Det er ikkje eit samfunn for dei perfekte, men for dei som treng hjelp. Eit godt bønnesamfunn er til umåteleg styrke i vennsamfunnet og grunnlaget for åndeleg erobringskraft i arbeidet. Difor skulle det vera plassen for oss alle. Her er vi alle på same plan – på kne for Gud.

**Formaning til å søkja
småmøta**

I eit liv med mange travle gjeremål, er det ikkje like lett å få vera i bedehuset like mykje for alle. Her treng nok fleire heller kjærleik og forbøn enn fordøming. Samstundes treng vi gje kvarandre formaning til å søkja småmøta. Er desse samlingane viktige for Gud, gjer nok djevelen alt han kan for å sysselsetja oss med «gode ting» slike kveldar så han kamuflert kan greia å halda oss borte frå bønemøta.

**Det personlege
vitnemålet**

Det personlege vitnemålet har også hatt sin naturlege plass i småmøta (difor namnet bønne- og vitnemøte.) Atmosfæren i desse møta skal vera slik at dei truande kan avleggja sine vitnemål om Jesus her. Desse møta er ikkje «predikantane» sine kveldar. Enkle vitnemål om Jesus har også stort verde for truslivet. Personlege røynsler kan koma andre til hjelp – tukt eller trøyst. Her er plassen både for lovsongs-og takketonen og vitnemålet i moll. I småmøta er vi på heilag grunn der berre det ekte skal ha plass.

Ikkje press

Mange har vore oppmuntra til å avleggja vitnemål i småmøta. Det har vore til oppbygging for dei andre og samstundes til uvurderleg hjelp for ein sjølv. Men dette tyder ikkje at alle skal

«pressast» til vitnemål. Dei som er med i det stille er like kjære og verdifulle i småmøta.

Arbeid med forma og innhaldet

Bøne- og vitnemøta skal ha bøn og vitnemål som «hovudpostar» på programmet. Men det tyder ikkje at ein ikkje skal arbeida med form og innhald. Når småmøta mange stader samlar så altfor få, syner det visseleg noko av åndssituasjonen hos dei truande, men vi kan heller ikkje halda attende spørsmålet om det er vitnemål om at dei ansvarlege for møta legg *nok* arbeid ned i førebuinga?

Ikkje uåndeleg å planleggja

Vi vil og seia til kvarandre: Det er ikkje uåndeleg å planleggja. Den heilage Ande slepp ikkje mindre til om vi førebur småmøta enno meir. T.d. med songinnslag (songnådegåver skal også elskast fram), meir plass for faste bønneemne og bønneønskje som kan bringast inn frå gong til gong. Sameleis kan gjerne andakten i småmøta følgjast opp av samtale til utdjuping av dei sanningane Ordet har teke fram. Vitnemåla treng ikkje berre vera det vi til vanleg kallar for «personlege vitnemål», dei kan også vera i form av åndeleg samtale ut frå Ordet og konkretisert til hjelp i den einskilde sin situasjon. I det heile treng vi elska fram (på ny) *den åndelege samtalen* mellom bedehusfolket både i og utenfor bedehuset!

Den åndelege samtalen

Innreiinga av møtelokalet

Den praktiske innreiinga av bønemøtelokalet kan og ordnast slik at det betre fremjer samfunnet mellom dei truande. Stolrader som ein foredragssal (eller i ein buss), og ein bøyer kne med ryggen til kvarandre, det fremjer ikkje akkurat samfunnet. Kvar bedehusleiing bør difor arbeida med desse spørsmåla: Korleis kan vi åndeleg og praktisk fremja bønne- og vitnemøta hos oss?

Det er ikkje nødvendigvis det «tilfeldige» som fremjer åndeleg liv og dei spontane ytringar. Gje difor småmøta konkret og meningsfylt innhald så dei kan fungera som samlande samfunns- møte for dei truande på staden.

3. FORKYNNINGA

«Der ikkje Guds Ord vert forkynt, er det betre at ein korkje les eller syng eller kjem saman. Det er betre å sløyfa alt anna enn å utelata Guds Ord.» Dette sitatet frå Luther er ikkje mindre aktuelt idag. Ordet er det store nådemiddel som skaper og nører kristenlivet. Forkynninga må difor ha stor plass i bedehusarbeidet. Har tendensen til kortare og kortare preik ført med seg at Ordet held på å mista førsteplassen i bedehuset også? Talarstolen har vore det samlande midtpunkt i bedehusa. Har ikkje

Ordet = det overordna nådemiddel

Talarstolen — det samlande midtpunkt

det vore eit stille vitnemål om kva som har vore det sentrale i dette huset? Det ville ikkje skada om dette held fram. Å skyva talarstolen til sides og lata sangpodiet overta sentrumsplassen, kan ha praktiske føremonar, men er det åndeleg klokskap?

«Å forkynna heile Guds råd og vilje», held Paulus fram som sitt program for dei eldste i Efesus. Dette er også programmet for bedehusforkynninga. «Lat Kristi Ord få rikeleg rom hjå dykk, så de med visdom kan læra og rettleida kvarandre –» skriv Paulus til Guds folk i Kollosæ. Vi treng same oppmodinga.

«Heile Guds råd»

Nokre ord må seiast om uttrykket «heile Guds råd.» Her kan pendelen svinge feil til bae sider. Den eine sida er einseitig kost der mangt manglar og såleis hindrar sunn og fullverdig kristen vekst. Slikt skaper mangelsjukdomar både hos forsamlingar og einskildpersonar.

«Emnemani»

På den andre sida kan pendelen svinga til ein usunn «emnemani» som lite har å gjera med heile Guds råd. Ein trur nemleg at får ein flest mogeleg emne opp på talarstolen, har ein mest med av heile Guds råd. Men heile Guds råd tyder ikkje opplisting av flest mogeleg emne i semesterprogrammet (heller ikkje ferrast mogeleg), men det har denne profilen: All forkynning skal ha ankerfeste i Jesu soningsdød (1. Kor. 2, 1). Ansvar for heile Guds råd kan vi best utføra slik: Vi skal syta for at alle sider i Guds ord skal fram på talarstolen i lys av lov og evangelium med Jesu trusrettfærd i sentrum. Alle forkynnarnådegåver må sleppa til i forsamlinga (vekkingsgåva, lærargåva, formaningsgåva m.m.).

Guds ord i lys av lov og evangelium med Jesu trusrettfærd i sentrum

Lat oss ta fram to forkynningssider som må gå hånd i hånd i bedehuset, vekkingsforkynninga og læreforkynninga.

VEKKINGSFORKYNNINGA

Gud skaper vekking

Menneske kan ikkje skapa vekking. Det kan berre Gud ved Den heilage Ande, «han som verkar trua, kvar helst og når Gud tykkjer om det, i dei som høyrer evangeliet, –» (CA 5). Jfr. Joh. 3, 8: «Vinden blæs dit han vil, du høyrer han suser, men du veit ikkje kvar han kjem frå eller kvar han fer av. Såleis er det med kvar den som er fødd av Anden.»

Gud må få arbeidsro

Men i denne samanhengen skal vi understreka følgjande: Det er viktig at bedehusarbeidet vert organisert slik at Gud får arbeidsro. Med få og hektiske møtekveldar kan vi verta så effektive at Gud får ikkje den tid som må til i arbeidet med menneskehjarto.

Vekkingslina sitt mål

Vekkingslina i bedehuset har som mål å nå ufrelste med Livets Ord så dei kan kallast frå mørkret til lyset, frå døden til

livet. Det har også adresse til dei truande om å leva dagleg i lyset med livet sitt i syndevedkjenning og syndeforlating.

Å føra unge inn i bedehuslivet

Vi får tru at mange born og unge vert verna i bedehusarbeidet i samfunnet med Jesus. Mange unge vert også vunne i skulelagsarbeidet, på leirar og andre ungdomssamanhengar. Vi trur det er viktig at desse unge vert førde inn i bedehuslivet, og at dei der får møta bedehuset si vekkingsforkynning av synd og nåde.

Vekkingsforkynning
= forkynning av lov og evangelium

Men to ting vil vi gjerne leggja til om vekking og fornying: For det eine vil vi understreka at vekkingsforkynning er ikkje ein psykologisk teknikk som skaper stemning og menneskeleg avgjerd. Vekkingsforkynning er forkynning av Guds Ord, lov og evangelium, det ordet som er mektig til å døda og gjera levande. Difor må Guds folk be for vekkingsforkynnarane at dei må ikkje berre eiga apellen som oppmodar folk til å ta avgjerd, men at dei må ha «mat» i si forkynning som kan føda åndelege born. Maten er evangeliet som skaper det det nemner.

Kjenslestemning

Det hender – for det andre – diverre at ein viss fornyingsideologi er til direkte hindring for djupare fornying. Vi tenkjer på at målet for ei møteveke opplevest som ikkje oppfylt om ikkje forsamlinga er ført fram til ein vekkings(kjensle)stemning for kvar møteaksjon. Like lite som eit tre skal plantast om kvar dag, skal ein truande «plantast om» kvar møteveke. Fornyinga i kristenlivet skal gjennom nådemidla – Ord og sakrament – nøra kristenlivet så Guds born veks i nåde og kjennskap til Kristus.

«Omplantingsfornyng»

Ei stadig «omplantingsfornyng» er ikkje i pakt med bedehuset sitt gamle vekkingsideal, men fører lett til eit lovisk strev utan rett frigjering.

I ei tid med så mange åndsvindar og djup lengt hos Guds folk til sant gudsliv er det viktig at vi også ser klårt her. Først då kan vi leva som sant frigjorde Guds born.

LÆREFORKYNNINGA

1. Tim. 4, 16

«Gjev akt på deg sjølv og lærargjerna di! Hald fram med det! For når du gjer det, skal du frelsa både deg sjølv og dei som høyrer deg!» 1. Tim. 4, 16. Slik oppmodar Paulus sin unge venn Timoteus. Nett framføre sa han det slik: «Ta deg særskilt av skriftlesinga, forkynninga og opplæringa, til dess eg kjem.» Dette skulle Timoteus gjera etter den nådegåva som han hadde fått.

Vi vil nå i det følgjande understreka nokre moment nettopp om læreforkynning og undervisning.

Frelse som sikte

Læreforkynninga har også frelse som sikte – «når du det gjer, skal du frelsa både deg sjølv og dei som høyrer deg.» Både

- Forventning til Ordet** vekkingsgåva og læregåva er avhengige av det same Ordet som åleine kan gjera levande. Hebr. 4, 12. Det er altså villfaring som har sneke seg inn i forsamlinga når ein trur at det er berre gjennom typisk vekkingsforkynning at det kan «skje noko» på bedehuset. Og så møter ein ikkje all forkynning med same forventning. På den måten kan det vera forsamlinga som stengjer for Ord og gjerning meir enn predikanten si manglande vekkingsgåve. Kvar predikant skal ha frimot til å tena med truskap imot Ordet med den nådegåve han har fått. Kvar forsamling må bera fram kvar predikant i forventning til det Ordet han forkynner. Guds Ord er ikkje bunde. 2. Tim. 2, 9.
- Tena med den nådegåve ein har fått** Undervisninga er overlag viktig så Guds folk kan vita kven vi trur på. 2. Tim. 1, 12. Undervisninga har forankring i heile Bibelen.
- Undervisninga i Israel** Undervisninga høyrer til det livselementet som Guds folk skal leva i. Sjå 5. Mos. 6, 6–9. Denne oppmodinga vart teken på alvor i det gamle Israel. Så snart borna lærde å snakka, fekk dei hjelp til å læra viktige bibelske sanningar. Alt i 10-årsalderen kunne borna alle fem Mosebøkene og andre viktige delar av GT.
- Jesus og læresveinane** Jesus bruka mykje av si tid til å læra. «Elevar» var både folket og læresveinane som han valde seg ut. Sjølv uttrykket *læresvein* understrekar dette læretilhøvet dei stod i til Jesus. Undervisning høyrer og med til det bodet Jesus gav sine for all ettertid. Matt. 28, 18–20.
- Undervisningbodet** Her har vi både det klåre undervisningsbodet, og den like klåre lovnaden om at Herren Jesus sjølv går med oss i dette lærerarbeidet. Les vi Apostelgjerningane ser vi korleis læresveinane tok undervisningsbodet på alvor. Dei lærde folket (4, 2) og dei som kom til tru, fekk grundig opplæring i Ordet (jfr. formaninga til Timoteus som er nemnt ovanfor). Dei bibelske skriftene – apostlane sine brev – er sjølv dei beste døme på at dei truande fekk bibelsk undervisning om kristen tru og liv. Desse er Guds ord til oss. I seg sjølv er det understreking av at vi må stadig lærast av Ordet. Hebr. 5, 11ff.
- Luther og katekismene** Luther og reformasjonsfedrene var mykje opptekne av undervisning. Hans arbeid med å omsetja Bibelen og å få gudstenesta på morsmålet med forkynning og undervisning understrekar dette. Sameleis er det naturleg å nemna katekismene. Luther skreiv dei nettopp fordi han oppdaga kor dårleg det stod til med den kristne læra og dermed med livet rundt i kyrkjelydane. Folk var utruleg uvitande og levde i synd. Dei mangla innsikt i Ordet.
- Opplæring Kunnskap Kjennskap** Opplæring i Ordet høyrer med til programmet på bedehuset. Slik må det vera mellom det folket som har Guds Ord som si

einaste livskjelde. Men vi må også understreka: Undervisning i bibelsk tyding er noko langt meir enn rein kunnskapsformidling. Jesus har sjølv lært oss dette på ein klår måte. «Og det er det evige livet at dei kjenner deg, den einaste sanne Gud, og han du sende, Jesus Kristus.» Joh. 17, 3. Det er altså ikkje berre tale om teoretisk lærdom. «Å kjenna» i Johannesevangeliet tyder nemleg ikkje berre å kjenna til, men å kjenna Jesus tyder å stå i eit personleg samfunnstilhøve til han.

Personleg samfunnstilhøve

Kristendomsundervisninga i skulen

Undervisninga er idag meir viktig i bedehuset enn nokon gong før. Tidlegare har ein ofte sagt at skulen si kristendomsundervisning og kyrkja si konfirmantundervisning la «veden til rette», og så kunne vekkingsforkynnararen i bedehuset vera Anden sin reiskap til å «tenna fyr.» Denne veden er ikkje like solid og brennbar idag. Skulen si kristendomsundervisning har ikkje same karakter av dåpsundervisning som før. Undervisninga skjer på skulen sine premisser og ikkje på kyrkja sine. Vidare veit vi at katekismestoffet er så godt som borte. Kort sagt skulen gjev ikkje barnelærdom som før. Dette tyder sjølvstøtt ikkje at bedehusfolket skal svekkja sitt engasjement t.d. gjennom å utdanna flest mogeleg kristendoms lærarar. Trass i alle vanskar som er på dette feltet, har grunnskulen framleis si evangelisk-luthersk kristendomsundervisning som det er vår utfordring å gjera best mogeleg. Mange lærarar gjer også her ei teneste som det står stor respekt av. Men – og det er vårt poeng her – vi kan ikkje lukka augo for barnelærdommen sin situasjon i større perspektiv. Vi kan ikkje lita på ein situasjon som ikkje lenger finst.

Konfirmantundervisninga

Situasjonen for konfirmantundervisninga er også vanskeleg. For det eine er den eksakte kristendoms kunnskapen så liten hos dei unge som melder seg til konfirmanttida. Og for det andre synest innhaldet i denne tida enno meir enn før å svinga med konfirmantlærarane sin skiftande teologi. Diverre synest det å gå i retning av at fleire er meir opptekne av å hjelpa konfirmantane til å meistra ei hard verd enn til å møta ein heilag Gud.

Di meir teologisk pluralisme og bibeloppløysande teologi sig inn og får fotfeste i kyrkja, di mindre kan vi byggja på den kristenlæra som vart gjeven.

Større vekt på undervisningsaspektet i bedehusarbeidet

Det krev at vi må leggja større vekt på undervisningsaspektet i vårt eige bedehusarbeid. Det er stor trong for systematisk kristendomsundervisning for å modna fram eit truande og tenkjande kristenfolk. Vi treng undervisning i samsvar med dei ideal og det bibelsyn vi ønskjer å stå for. Det er på den måten vi nører den profilen vi har som fedrearv og som vi har ansvar for å føra vidare til komande slekter.

4. ANSVARET FOR RETT LÆRE OG RETT LIV

- Sanning og kjærleik**
Vi skal nå i eit avsnitt konsentrera oss om læra og livet i venne-samfunnet. Vi vil då først ta utgangspunkt i eit ord av apostelen Paulus: «Vi skal vera true mot sanninga i kjærleik og i eitt og alt veksa opp til han som er hovudet, Kristus.» Ef. 4, 15. *Sanning* og *kjærleik* er dei to orda vi særleg skal ha for augo. Tallause skriftord talar om kjærleik og at dei truande skal elska kvarandre. «Det er bodet mitt at de skal elska kvarandre som eg har elska dykk,» sa Jesus. Joh. 15, 12, jfr. 1. Joh. 3, 14, 1. Pet. 4, 8.
- Trong for kjærleik**
Kjærleiken er ikkje berre ei livsytring, men profilen gjennom alle ytringar. 1. Kor. 13.
- Kjærleiksgjerningar**
Verda treng kjærleik idag. Så mykje av hard egoisme og kald materialisme rår. Så mange vel å spørja med Kain: «Skal eg vakta bror min?» 1. Mos. 4, 9. Verda treng difor ekte kjærleik mot så mange kjærleikssurrogat som vert tilbydde. Difor er det overlag viktig at kjærleiken får rå i vennsamfunnet innover mellom dei truande og utover til verda. Denne kjærleiken er ikkje møtekjærleik, men må ha plass i heimen og ut derifrå. I ei tid med så mykje falsk kjærleik – ein kjærleik som vil ha og nytta, istaden for å gje og bera bærer i forpliktande truskap – må vi som har fått Guds Ande, be om å få eiga Hans sinn.
- Korleis har du det med Gud?**
Hos Guds folk har kjærleiken synt seg både i gjerningar og ord. Kjærleiksgjerningar i form av kristen omsorg for lekamleg trong tok til i den første forsamlinga i Jerusalem. Ap.gj. 6, 1ff (meir under diakoniavsnittet). Men kristen kjærleik syner sitt bibelske innhald nettopp gjennom at han strekkjer seg lenger og djupare enn omsorga for det lekamlege. Mennesket er ein evig skapning som for evig vil ha med Gud å gjera. Kristen kjærleik syner seg difor djupast sett i omsorga for mennesket si frelse. «For Kristi kjærleik tvingar oss», seier Paulus (2. Kor. 5, 14) og denne kjærleiken gav seg nettopp utslag i at «Vi bed i staden for Kristus, lat dykk forsona med Gud.» (v. 20). Paulus brann av kjærleik til sine eigne landsmenn, og det gav seg utslag i ønskje om frelse for dei. «Brør, mitt hjartans ynskje og mi bøn til Gud for dei er at dei må verta frelste.» Rom. 10, 1.
- Sanninga**
Difor slår den ekte kjærleiken ut både i konkret hjelpeteneste av ulik karakter, men også i spørsmålet (som held på å forstumma mellom oss): Korleis har du det med Gud?
- Gud — sanninga og kjærleiken**
Her skal vi gå over til det andre ordet som var utgangspunktet for avsnittet vårt. Det var nemleg sanninga vi skulle vera true mot i kjærleik (av sanninga i kjærleik er grunnteksta sitt poeng). Det er ikkje motsetjing mellom kjærleiken og sanninga i Bibelen. Båe har jo også utspring i Gud som er *ein*, sanninga og kjærleiken. Sanninga er også det livselementet vi skal leva i. Vi

elskar ikkje heilt og fullt bibelsk rett om vi ikkje elsker i sanninga. Vi brukar bunden form (sanninga) for å understreka at i Bibelen er ikkje sanninga relativ og diskutabel. Sanninga er fastlagd i Guds sanne openberringsord.

**Sann kjærleik —
kamp for sanninga**

Det er trong for å minna kvarandre om dette i vennesamfunnet. Vennesamfunnet lever ikkje i sann og ekte kjærleik dersom ikkje kampen for sanninga har plass. Kjærleiken er ikkje «redd» sanninga, men hjelper oss å kjempa med «blanke våpen.»

«Sanninga true i kjærleik» må vi difor også leggja vekt på desse to momenta:

Læretukt

For det eine må vi leggja vekt på læretukt og strid for den rette læra (slik vi har nemnt det fleire gonger før). Det er svik om vi let det liggja. Fedrene våre var true mot dette ansvaret. Difor fekk vi professorstriden i 1906, Calmeyergatemøtet i 1920, «helvetesdebatten» i 1953 for å nemna nokre sentrale hendingar. Ja, vi kunne leggja til difor fekk vi debatten om jomfrufødselen i 1979. Slike debattar skader kyrkja vert det sagt. Ja, då må vi seia at ein må gje slik formaning rett adresse. Det er ikkje dei som forsvarar kyrkja si bibelske tru og vedkjenning som valdar skaden. Dei som skader er dei som angrip denne trua. Og dei som relativiserer alvoret og tek unna for dei som fører vranglære. Desse siste er ikkje minst farlege. Vi skulle merka oss dei og akta oss for dei.

Til skade for kyrkja?

**Legg vinn på å halda
falske lærarar og falsk
lære borte frå
vennesamfunnet**

Både Paulus og Johannes (kjærleikens apostel!) talar sterke ord om kjærleiken (slik vi har sett det), men dei er like sterke i vernet for den sanne læra. Falske lærarar og falsk lære må vi difor leggja vinn på å halda borte frå vennesamfunnet.

Paulus: «Men om vi sjølve, ja, om ein engel frå himmelen skulle forkynna dykk eit anna evangelium enn det vi har forkynt, så skal han vera forbanna!» Gal. 1, 8. «Eg legg dykk på hjarta, brør: Hald auga med dei som går imot den læra de har motteke, og med det skaper usemje og fører andre til fall. Hald dykk frå dei.» Rom. 16, 17. Jfr. 2. Kor. 11, 1ff.

Johannes: «De kjære, tru ikkje kvar ei ånd! Prøv åndene om dei er av Gud! For mange falske profetar har gått ut i verda.» 1. Joh. 4, 1. «Den som ikkje held seg til Kristi lære, men går ut over den, har ikkje samfunn med Gud. Den som held fast ved læra, han har samfunn med Faderen og Sonen. Kjem det nokon til dykk som ikkje fører denne læra, skal de ikkje ta han inn i huset og ikkje helsa han vel møtt! For den som helsar han, vert medskuldig i alt det vonde han gjer.» 2. Joh. 9–11.

Eit testspørsmål

Dette er så alvorlege formaningar at vi tek ikkje for sterkt i når vi meiner at viljen til å ta desse på alvor, kan verta alvorleg

prøve på om vi kan halda saman *eitt* vennesamfunn i bedehuset med den breidde som har vore til nå.

Sentrum og periferi

Dette tyder ikkje ei snever einsretting av bedehusfolket. «At synet kan variere i meir perifere ting, verkar berre fruktbringande på arbeidet, og gjer at ein til kvar tid må prøve både syn og arbeidsmåtar på bibelordet.» (Johannes Hagesæter). Men i dette vi har framme her, gjeld det altså ikkje «perifere ting», men sentrum av bibelstruskap og dei sentrale frelsessanningane.

Ordet bestemmer

Som bedehusfolk skal vi spørja Ordet om korleis vi skal førehalda oss i desse spørsmåla, og ikkje lata humanistiske og rasjonalistiske kjærleiksprofetar stilla spørsmåla for oss.

«Brodertukt»

Det andre vi skal nemna ut frå «sanninga true i kjærleik» er dette som vi kallar «*brodertukt*.»

Normallovene:

Vi veit at lære- og brodertukt er vanskeleg (umogeleg) i den offisielle kyrkja. Men slik skal det ikkje vera i bedehuset og vennesamfunnet. Dette momentet er også nemnt både i «Normallov for indremisjonsforeninger innen Det Vestlandske Indremisjonsforbund» og same normallov for IUF. Vedkomande den første står det slik i par. 3 siste del: – «Gir noen medlem åpen forargelse i liv eller lære, kan styret etter først å ha talt med vedkommende, stryke navnet av medlemsprotokollen:»

I IUF lova står det slik i par. 6 siste del: – «Medlemmer som begynner å leve ukristelig, skal behandles etter Matt. 18, 15–18 og 1. Kor. 5, 13.» Det er viktig at også denne sanninga tru i kjærleik får rå i bedehuset. Det er ikkje uttrykk for kald fordøming, men kjærleg omsorg for Kristi lekam, Hans folk på jord, og for den einskilde kristne.

5. DET DIAKONALE ANSVARET

Den diakonale tenesta vart tidleg teken opp

Til livsyttringane i bedehuset høyrer det også å seia nokre ord om det diakonale ansvaret. Vi har nemnt det så vidt under avsnittet om kjærleiken. Vi såg i Ap.gj. 6, 1ff at den diakonale tenesta vart teken opp tidleg. Bibelen har mange døme på at Guds folk skal utøva omsorg for menneske i lekamleg naud, sjuke, fattige, hjelpelause, ja alle som lid naud og urett. 2. Mos. 22, 21ff, 5. Mos. 24, 19ff, 5. Mos. 16, 14, Luk. 10, 25ff. Johannes seier det slik i sitt første brev: «Men den som har meir enn nok å leva av, og likevel let at hjarta sitt når han ser bror sin lida naud, korleis kan han ha Guds kjærleik i seg?» 3, 17.

Denne kristne omsorgstenesta er ikkje mindreverdige kristen teneste eller berre eit middel til å nå andre mål. Ei skål vatn i Jesu namn, er mål i seg sjølv. «Kristen hjelp som ytes, skal ikke sikte på noe annet enn å hjelpe.» (Carl Fr. Wisløff).

«Vitjar gamle
og sjuke»

Vitjingstenesta —
organisert og spontant

Diakonien har i nyare tid vakse fram frå dei same krinsar som lekmannsrørsla — pietismen. Vi tør også seia at det er frå lekmannskrinsar at store diakonale oppgåver har vorte tekne opp i vårt land, så som reising av diakonale institusjonar.

Diakoni har og hatt sin plass i bedehuset sitt vidfemnande arbeid. I Lov for DVI heiter det slik i par. 3a: «Ved å senda ut arbeidarar som forkynner Guds Ord, *vitjar gamle og sjuke.*» (utheva av oss).

I dei lokale vennesamfunna vil nettopp vitjingstenesta høyra til dei fremste diakonale oppgåvene. Det kan gjerne vera ei organisert teneste som nokon får særleg ansvar for. Det å kunna driva sjelesorg og tala med folk på tomannshand er nådegåve vi skal be oss ut. Men diakoni er meir enn organisert teneste. I vennesamfunnet må vi oppmuntra kvarandre til å ha augo vende mot dette. Vennesamfunnet skal vera ei kjelde som nører denne omsorga for kvarandre i lokalsamfunnet i heim og kvardagsliv, i grannelag og på arbeidsplassen. Denne tenesta har mål i seg sjølv gjennom si gode gjerning, og samtidig vil ho vera ein varm plogspiss for evangeliet.

Indremisjonen og Bedehuset

Ca. 650 bedehus
innan DVI

Det er ca. 650 bedehus innan dei foreningane som tilhøyrar DVI. Bedehuset er indremisjonsfolket si livs- og arbeidsstove framfor andre hus. Det er her ein kjenner seg heime. Vi har sett dette gjennom det vi har stansa ved i tidlegare kapittel. Vi skal her føra tankane noko vidare – særleg etter det vi skreiv i kap. IV. I dette siste hovudkapitelet vil vi knyta synsvinkelen enno meir til indremisjonen.

Livs- og arbeidsstova

Lag og skular

1. BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET

Indremisjonen har kjent eit særleg ansvar for barne- og ungdomsarbeid. Dette arbeidet har særleg vorte utvikla gjennom dei siste tjue åra. DVI driv eit vidfemnande arbeid gjennom yngsteslag, yngreslag, ungdomslag (IUF) og i tillegg driv Forbundet åleine eller saman med andre fleire skular for ungdom. (Dei fleste som DVI eig er innan krinsane, og altså ikkje «direkte» i Forbundet.)

Leirstadene

Svært viktige reiskapar i barne- og ungdomsarbeidet er også dei mange leirstadene som har vorte reiste rundt om. Det nye eventyret i norsk kristenliv!

Borna treng frelse

Borna er Guds gåve. Men etter Guds Ord veit vi at også dei tilhøyrer den syndige menneskeslekta som er borte frå Gud og ute av stand til å frelsa seg sjølve. I samsvar med Guds Ord trur vi også at Gud tek dei til sine born i dåpen. Det er vårt fremste ønskje at borna må verta vara i samfunnet med Jesus. Dette er barnearbeidet sitt fremste mål. Men vi veit smerteleg at så mange veks opp i heim og samfunn utan å få den næring for gudslivet sitt som gjer at dei kan leva. Mange veks opp utan å læra å kjenna den barnevennen som tok dei i sitt samfunn medan dei var små. Det er med stor sorg vi røyner at så mange born



Søndagsskule

synest å koma bort frå Jesus. Indremisjonen ønskjer å vera mellom dei som også kallar borna attende til Jesus.

Det er ikkje eit sant indremisjonsarbeid om ein ikkje syter for at det i kvart bedehus er søndagsskule og anna tenleg barnarbeid. Barnarbeidet synest også å verta meir og meir naudsynleg for å kunna nå dei unge. Det er gjennom det kristne barnarbeidet vi registrerer den største rekrutteringa til ungdomsarbeidet.

Hjelp til personleg gjennombrøt

Ungdomsarbeidet er vanskeleg og velsigna rikt. Då det mange stader er vanskeleg å rekruttera modne leiarar til ungdomsarbeidet er det eit stort ansvar for vennsamfunnet å be seg ut arbeidarar, Matt. 9,33–36. Det fremste målet for indremisjonsfolket har vore å hjelpa dei unge til personleg gjennombrøt og medvite livssamfunn med Jesus. Dette klåre sikte kan vi ikkje gje slepp på utan å gje opp vårt gudgjeve kall.

Konkurranse

Det kristne ungdomsarbeidet har idag hardare konkurranse enn nokon gong før frå andre som vil ha tak i ungdommen. Det trengst difor mykje åndsutrustning og klårsyn i dette arbeidet.

«Ungdomsstover».

Saman med det klåre evangeliske sikte har indremisjonen teke meir og meir ansvar for å skapa ein heim for dei unge på bedehuset. Til dette har mange indremisjonslag bygd ut ungdomsstover i tilknytning til bedehusa. Her har dei unge kjend seg heime. Mange stader har også slike «ungdomsstover» vorte ein god kanal inn til dei mange tomme stolane i bedehussalen.

2. ALLE ALDERSGRUPPER MÅ FØRAST INN I VENNESAMFUNNET

Unge heimar

Det særlege ansvaret for barne- og ungdomsalderen har også utvikla seg til at andre aldersgrupper har komme meir og meir inn i ansvarsfeltet. Ikkje minst gjeld dette arbeidet mellom *unge heimar*. Indremisjonen er medviten om at det er stor trong for å gje undervisning om ekteskap, familieliv og barneoppseding ut frå Guds Ord. Slike samkome har og synt seg å vera gode høve til å nå nye grupper med evangeliet.

Spesialarbeid

I vår samheng er det ikkje plassen for å vurdera alle aldersgrupper og dei spesialarbeid som kan vera tenlege. Vi ønskjer for det første å understreka at slikt arbeid er mykje viktig. Kvar lokal indremisjonsleiing må be seg ut vegar å gå med evangeliet i sitt lokalsamfunn: Med Guds ord til folket.

Alt må ha sin plass i
vennesamfunnet

Men for det andre, og det viktigaste i vår samheng, vil vi understreka at dei ulike arbeidslaga og spesialgreinene må ha sin plass i det lokale vennesamfunnet, samfunnet av dei truande på tvers av alders- og arbeidslagsgrupper.

Fremjer vennesam-
funnet dei åndelege
ideal?

Det er til hindring for full modning i dei truande sin åndelege vekst om ikkje dei unge finn saman med dei eldre i same vennesamfunnet. Vi treng spørja kvarandre: Fremjer våre vennesamfunn eit samfunn av dei truande som er i samsvar med dei åndelege ideala vi står for? Det er klårt at dei unge og deira leiarar er ikkje utan ansvar her. Det trengst eit fast og målretta arbeid om ein skal lukkast med å føra dei unge inn i vennesamfunnet. Men ansvaret kviler også på dei eldre leiarane. Vi er nødde å spørja kvarandre om det er falske hindringar for dei unge som vi ikkje er merksame på?

Dei unge skal få modna
i vennesamfunnet

I vår tid synest dei unge ofte søkja dit dei møter menneskeleg og åndeleg varme og omsorg. Saman med (som ein del av) våre åndelege ideal er det difor viktig at vi møter dei unge (og borna) med tillit og omsorg. Dei må få koma med sine spørsmål og vanskar og samtidig kjenna seg trygge. Vi må ikkje venta at dei er «forma» når dei kjem. Dei skal få modna i vennesamfunnet.

Ein av DVI sine første formenn, Ola Nesse, skreiv noko i Sambåndet i 1921 som kan vera til ettertanke. Han nemner at dei

«Hovmotsdjevelen»

fleste stadene vil ikkje dei eldre sleppa dei unge til i forsamlingsane. Dei var redde «hovmotsdjevelen». Ola Nesse kommenterte så: «Men han Ingebrigt Mundal var ikkje so redd dette. Difor var der fleire bekjennande kristne i Fjerland.» Det er ingen tvil om kor den gamle formannen hadde sitt hjarta!

Mangt har endra seg sidan 1921. Men eit målretta og vake arbeid for å føra dei ulike aldersgruppene og arbeidslaga saman til eit vennesamfunn, det er ikkje mindre aktuelt. «Det naturlige skulle være at samfunnet av de troende omfattet både unge og gamle, slik at kristenlivet bar preg både av de eldres erfaring og av de unges pågangsmot.» (Carl Fr. Wisløff).

3. INDREMISJONEN OG DEI ANDRE ORGANISASJONANE

I samband med det vi nå sist har omtala – vennesamfunnet og alders- og arbeidsgruppene, må vi også nemna noko om indremisjonen sitt tilhøve til dei *andre organisasjonane* i bedehuset.

Vi har fleire gonger understreka at indremisjonen har kjent eit særleg ansvar for vennesamfunnet på tvers av alders- og organisasjonsgrenser. Ein av Forbundet sine tidlegare formenn, Johannes Hagesæter, har uttrykt det slik: «Indremisjonen skal med andre ord vera generalnemnaren for alt sant og fritt kristenliv i bygd og by. I Indremisjonen skal alle Guds barn kjenne seg åndeleg heime, same kva misjonslag innan vår kyrkje dei arbeider for. Ja, slik skulle det vera, og slik ynskjer vi i Det Vestlandske Indremisjonsforbund at det må vere.»

Desse utsagna ønskjer vi framleis kan gjelda. Men samstundes vil det til ei kvar tid vera viktig å presisera profilen i ånds-situasjonen. «Det vidsyn» og breidde i vennesamfunnet er det mogeleg å halda oppe berre om alle i si forkyning og arbeid elles vil stå på Ordet sin grunn og ta vennesamfunnet sin læreintegritet på alvor.

Når vi har understreka indremisjonen sitt tilhøve til vennesamfunnet på denne måten, skal vi straks avverga ei mistyding. Indremisjonen meiner seg ikkje som organisasjon å ha monopol på vennesamfunnet. «Ein kan vel seie at det er ikkje organisasjon som har prega vennesamfunnet, for samfunnskjarleiken har vore sterkare enn organisasjonskjarleiken. Vennesamfunnet vil leve så lenge som samfunnskjarleiken er levande mellom Guds folk.» (Gunnar Kjøde) Indremisjonen kan ikkje påberopa seg noko meir bibelsk kall til å tala vennesamfunnet si sak enn andre. Men indremisjonsfolket kjenner på eit historisk kall – og ønskjer difor gjennom sin organisasjon – å ropa Guds folk saman i det lokale heilage samfunnet.

Indremisjonen —
generalnemnaren

Vidsyn og breidde i
vennesamfunnet

Monopol på
vennesamfunnet?

Indremisjonen kjenner på denne måten kall frå Gud til å ta ansvar for den åndelege heilskapen og einskapen i det frie kristne arbeidet.

Oppsplitta vennesamfunn

Vi trur også det er mange som ønskjer at «nøden for det oppsplitta vennesamfunnet» skal vera levande gjennom indremisjonen. «Vennesamfunnet har nok ikkje makta fornye seg mange stader. Det har stivna til i ritual og rutine. Vi har bygd opp sterke organisasjonar som har svekt samfunnstanken. Dei unge står spørjande overfor eit splitta og sundreve kristensamfunn.» (Gunnar Kjøde). Enno ein grunn for å ha omsut for den lokale einskapen i vennesamfunnet, vil vi nemna. Det er med og styrker balansen mellom dei to sentra i det norske kyrkjelandskapet. Det er sterke krefter i sving gjennom den kyrkjelege rådsstrukturen for å samla til vennesamfunn på «kyrkjeleg grunn.» Ein ser gjerne at dei ulike organisasjonar og arbeidslag arbeider aktivt som sektorar ut frå det same sentrum. I sentrum sit så rådsorgana som representant for «kyrkja sjølv» og difor er det naturleg for dei å invitera til kyrkjelydskveldar/festar der vi kjem ut or «båsan» og er saman alle.

Kyrkjelandskapet og «kyrkja sjølv»

Forholdet til kyrkja

Vi skal ikkje ta opp diskusjon med kyrkja her. Men vi vil for vår del hevda at det er grunn for alle som kjenner seg heime i bedehuset og lekmannsrørsla sine ideal til å ta denne situasjonen på alvor. Vi seier ikkje nei til kyrkjelydskveldar. Vi er gjerne med når vi trur det fremjer Guds rike i folket vårt. Men å leggja vennesamfunnet til kyrkjeleg grunn, trur vi er til skade for Guds rike i Noreg og det misjonsarbeidet vi har ansvar for ut over landet sine grenser.

Ytremisjonsarbeidet

I denne samanheng vil vi også gjerne presisera at dei ulike organisasjonane skal ha sin plass ut frå vennesamfunnet i bedehuset slik vi før har nemnt. I tillegg til dei ulike greinene av indremisjonsarbeidet, har indremisjonsfolket kjend eit særleg kall til ytremisjonsarbeidet. «Den som ikke føler han har ansvar også for hedningenes frelse, er ennå ikke blitt en sann indremisjonsvenn.» (Johannes Solem). Indremisjonsfolket er også for det meste med i ein eller annan av ytremisjonsorganisasjonane. Dei gjer si teneste der som «ekte» misjonsvenner. Samtidig som vi veit dette, vil vi gjerne gje uttrykk for at vi ser det som mykje viktig at ytremisjonsorganisasjonane får «binda» dei truande til seg i forpliktande omsorg for evangeliet til jordas ende. Det er til rik signing for vennesamfunna at ytremisjonen ligg ansvarleg på dei truande sine hjarto. Det er ikkje tilfredsstillande at ytremisjonsorganisasjonane berre vert «gjester» i indremisjonen sine vennesamfunn. Ytremisjonsorganisasjonane står idag overfor store utfordringar om å gå til nye område med evangeliet. Difor

Den frie forsamlinga er den beste basisen

er det viktig at dei når fram med Guds kall både til nye utsendingar og til misjonsvenner heime.

Men for oss heng også dette nøye saman med eit grundig indremisjonsarbeid. Saman skal vi forkynna Guds ord til vårt eige folk. Og som basis for dei truande sitt liv og arbeid heime og ute vil vi reisa levande vennesamfunn. Vi trur at den frie forsamlinga av dei truande er den beste basis for alt dette.

4. INDREMISJONEN OG ÅNDELEG LEIARSKAP

Det vert ikkje fullverdig tale om bedehuset og indremisjonen om ikkje dette avsnittet vert med.

Ulike oppgåver

Vi har tidlegare understreka at gjennom det allmene prestedømmet er vi like, men gjennom dei ulike nådegåvene som Gud fritt deler ut, har vi ulike oppgåver. Gud har ulike stader og tenester han vil ha oss i. Til denne heilskapen høyrer den kristne leiaren eller det kristne leiarskapet. Kristenflokkar utan åndelege leiingar er som saueflokken utan hyrding. Guds ord talar klårt om dette. Sjå berre i Apostelgjerningane. Etter som misjonsarbeidet gjekk fram og menneske vart vunnen for evangeliet, vart det også sett inn leiingar for kristenflokkane. Dette bibelske livsmønsteret må vi ta på alvor. Elles vert vi aldri eit myndig bedehusfolk som er bundne til Guds Ord.

Kristenflokkar utan åndeleg leiarskap er som saueflokken utan hyrdingar

Utbe seg åndelege leiingar

Vi praktiserer det allmene prestedømmet på gal måte om vi ikkje bed oss ut/peikar ut åndelege leiingar i vennesamfunna og dei ulike greinene i arbeidet. Som Guds folk har vi også trong for at det er leiingar i mellom oss til ulike oppgåver med å forkynna, leia og styra etter kva nådegåve Gud har gjeve den einskilde. Som Guds folk har vi også bruk for at Gud sender oss leiingar som har åndsmynde og klårsyn til å staka ut kursen i ånds-situasjonen i tida. Vi treng leiingar som kjenner den gode hyrdingen si røyst, og som så kan hjelpa folk til å følgja den same røysta.

Åndshovdingar

Lekfolket har også alltid hatt sine hovdingar, som «hadde evna til å utruste, dyktiggjøre og myndiggjøre det troende lekfolk slik at de lokale ledere tok et saklig standpunkt bundet i sin samvittighet av Guds ord». (Rolf Onarheim).

Utvidede parolar?

Slikt leiarskap treng vi på «dei store postane» i lekmannsrørsla. Som bedehusfolk ser vi det ikkje som utvidede parolar når leiingane i organisasjonane gjev klår vegleiing i aktuelle saker i tida. Vi ser det som deira bibeltru plikt. Difor tek vi imot det med tillit og takk. Sameleis kjenner vi lokalt på vår bibeltru plikt å granska om det stemmer med Ordet. (Ap.gj. 17,11). Slik er vi saman eit myndig kristenfolk.

Lokalt leiarskap	Vi treng ikkje mindre eit klårt åndeleg leiarskap <i>lokalt</i> . Det er jo desse leiarane som direkte er tenarar mellom dei truande. «Skal det indre livet i venneflokket få vokstervilkår er det viktig at hyrde- og leiarnåde-gåva vert fornya. Heile venneflokket må her stå saman i bøn om at Gud må reisa opp dei hyrdar og leiarar som til ei kvar tid trengs, og at dei som har slike nådegåver får kraft og frimot til å bruka dei i tenesta for kristenflokket.» (Rådsmøtet 1974).
Oppvaking for det lokale leiarskap	Vi trur denne oppvakninga (på ny?) for å reisa eit lokalt leiarskap i lekmannsrørsla er eit av dei fremste mål framover. Vi såg at Hans Nielsen Hauge kalla gjerne leiarane «eldste», etter bibelsk mønster. 1. Tes. 5,12, Ap.gj. 15,4, 1. Tim. 3,2 og fleire stader.
«Eldste»	Seinare har nemninga vore lite nytta i lekmannsrørsla. Nå er ikkje nemninga viktigast. Eldste er også i NT nemning for ulike tenester/nåde-gåver. Det viktigaste for oss – og som diverre må innrømast er mykje tapt – er at vi må velja leiarar til vennesamfunna etter bibelske ideal. Vi treng åndsutrusta leiarar meir enn forretningsmessige funksjonærar.
Etter bibelske ideal	
Ruleringa i styra	Det er naturleg at dei lokale leiarane er nær knytte til styret i indremisjonsforeninga. Men med den (for) hyppige ruleringa i styra som vi røyner idag, må vi vera merksame på at Gud skifter ikkje «eldste» i same tempo. Styrearbeidet er oftast ein kombinasjon av åndeleg og praktisk arbeid. «Eldstefunksjonen» bygger på røynsle, tillit og nådegåve som Gud gjev.

5. INDREMISJONSSTYRET

Styret si tenaroppgåve	Formannen og <i>styret</i> har ei svært viktig tenaroppgåve i forsamlinga. Det kviler i særleg grad på denne gruppa at bedehuset og indremisjonen sine ideal er i hevd innover og utover. Styret må difor ikkje verta eit «forretningsministerium», men eiga åndeleg mynde og klårsyn til oppdraget. Det er heile forsamlinga sitt ansvar i bøn og arbeid. Det er også svært viktig at styret lever rett med Gud, i reint tilhøve og tillitsfullt samfunn med kvarandre og den vidare organisasjonssamanhengen til vennesamfunnet og «oppover» i organisasjonen.
Styremøtet	Lat oss nå nemna litt om <i>styremøtet</i> . Pulsslaget i eit godt styrearbeid og leiaroppdrag er nettopp ansvarlege styremøte. Vi vil difor halda fram det viktige i å halda <i>regelmessige</i> styremøte. Saklista for eit slikt «normalt» styremøte bør innehalda desse tre punkta:
Bibel og bøn	For det første god tid til <i>Bibel og bøn</i> . Vi treng det for vårt liv og teneste. Vi lever i Ordet og med Ordet. I bønna får vi leggja oss

Ansvarleg planleggjing	sjølve og arbeidet fram for «han som er den rette far for alt som heiter born i himmelen og på jorda.» For det andre skal styremøtet vera prega av <i>ansvarleg planleggjing</i> av arbeidet som står framføre. Det er gjennom grundig arbeid på Ordets grunn at Den heilage Ande leiar oss best.
Åndeleg emnesamtale	Så ligg det oss på hjarta å understreka eit tredje punkt. Vi kan kort kalla det ein <i>åndeleg emnesamtale</i> . Det vi har i tanken er samtale om arbeidet i bedehuset, åndssituasjonen i lokalsamfunnet eller særlege ting som er framme på «landsplan». Det er så mange slike moment å samtala om mellom leiarane. Det er også oppsedande og myndiggjerande for styrelemene sjølve. <i>Det</i> vil snart merkast i heile vennesamfunnet. Slik åndeleg samtale vil også vera god måte å føra lekmannsarven vidare frå generasjon til generasjon.
Aktuelle emne	Døme på slike emne kan vera: Korleis skal vi vurdere forkyninga i vårt bedehus i lys av Guds ord? – er det sider som ikkje har kome fram på lenge? Korleis står det til med bøn livet? Korleis fungerer vennesamfunnet? Eller kva med samtalar om dei ideal og liner som vi har prøvt å halda fram i denne boka? Slike samtalar kan gjerne vera etter kort innleiing frå ein, eller etter ein artikkel, ei bok eller liknande som alle har lese på førehand. Dette kan gjerast på ulik vis. Det viktige er at gjennom samtalen på Ordets grunn vert styret åndeleg medvite om situasjonen det har leiaransvar for, og kan be seg ut åndeleg frimot til å gå den veg ein kjenner tru for.

6. NYE BEDEHUSKRINSAR

Naturlege bedehuskrinsar	Vi er komne til det siste temaet vi skal nemna i denne boka. Skil bedehuset og det bedehuset står for vera heim og misjonsstasjon i landet vårt framover, må vi vurdere spørsmålet om naturlege bedehuskrinsar.
Samanslåing	Grensene for ein bedehuskrins er ikkje heilage og urokkelege i seg sjølv. Dei er til for å tena Guds rike best mogeleg. Stundom kan det vera (svært sjeldan i praksis) naturleg å slå to krinsar saman grunna t.d. fråflytting. Ein kjenner trong for å «raka glørene saman», for å få varme til å tenna fyr. Men det vi særleg har i tanken er reising av nye bedehus i nye bustrøk både i byar (drabantbyar!) og på landsbygda.
Nye bedehus	I ei landsbygd kan – t.d. gjennom nye bustadfelt – eit bedehus som låg nokolunde sentralt, etter kort tid berre vera tenleg for ein del av det geografiske området som soknar til

huset. Det kan då henda at mange vert framande for bedehuset av desse årsaker. Det vil difor vera viktig at eit slikt spørsmål vert grundig drøfta av bedehusfolket (f.eks. gjennom ein slik emnesamtale vi nemnde: Er vårt bedehus naturleg lokale for heile det området som soknar til det?) Vert eit område skild ut for ny bedehuskrins, er det viktig at også den gamle delen kjenner ansvar for det nye. Vi veit også at vi her ofte kan røra med særleg ømme menneskelege kjensler. Personar som har vore knytte til eit bedehus og eit vennesamfunn kan kjenna det vanskeleg og vera engstelege om dei skal forlata det etablerte åndelege miljøet. Ein vil difor også oftast ha trong for tid til å modnast med dette. Men vi trur det likevel er viktig å understreka at lekmannsrørsla lyt for å driva misjon gå denne vegen: *reisa nye bedehus*. Så må det gjerne vera nær kontakt og samfunn med den «gamle» eininga.

For å driva misjon

Drabantbyane

Aller mest brennande er trongen for bedehus i drabantbyane. Her veks mange opp idag utan den minste kontakt med bedehusrørsla i norsk kristenliv. Mange vil meina at bedehusreising her er ressursøydande og uviktig. Det treng ikkje berre vera tale om nye, dyre hus. Det kan gjerne vera tale om kjellarstover i bustadhus/bustadblokker.

Arbeidskyrkjene

«Vi må satsa på arbeidskyrkjene, å reisa bedehus vil også vera splittande på lokalplanet», hevdar mange. Når det gjeld det siste, kan vi straks svara. Bedehus er ikkje meir splittande i drabantbyane enn på landsbygdene. I mange sokn har vi jo mange bedehus – ofte minst eit i kvar barneskulekrins. Når det gjeld arbeidskyrkjene, vil vi visseleg be om at dei må vera tenlege reiskapar for evangeliet i vårt folk. Kvar soknekyrkje har krav på si kyrkje. Men det gjer ikkje bedehusreisinga mindre aktuell. Før vi går nærare inn på det kunne vi ha hug til å sitera nåverande biskop Håkon E. Andersen frå intervjuet med Dagen då han gjekk av som generalsekretær i Indremisjonsselskapet: «Det ideelle ville da være bedehus i de nye strøkene. Først da får vi det arbeidsrom som er nødvendig for frisk indremisjonsvirksomhet. Det faktum at det er vanskelig å komme til i arbeidskirkene med våre aktiviteter, har overbevist meg om at vi skulle satse mer på egne hus. Det er mitt håp at man i framtiden går mer inn for bedehusreising i boligstrøkene. Og det trenger ikke være vegg-i-vegg med kirkene.» Vi trur dette er rett, og vi legg til! Bedehusreising i dei nye bustadområda er livsviktige for å utføra kallsoppdraget vi har fått. Det er fleire grunnar for det.

Satsa meir på egne hus

Evangeliseringsframstøyt der folk bur

For det første må vi koma meir fram med evangeliseringsframstøyt der folk bur. Bedehus langt unna kan ikkje vera plogspiss

Det daglege kristenlivet

Bedehuset og lekmannsarbeidet sine ideal og teologiske profil

for evangeliet slik dei skulle vera. Vidare treng det reisast vennesamfunn i desse områda for ei allsidig nådegåveteneste. Vennesamfunn langt unna vil heller ikkje kunne ta vare på den åndelege og sosiale funksjon eit vennesamfunn treng ha idag. I desse strøka har dei ofte alle servicetilbod som dei treng – utan bedehuset. I dei nye bustadområda bur også ofte dei unge barnefamiliar som er planta inn der åleine. Slike har også i tillegg til andre vanskar ofte vanskeleg for å ta ut lange vegar til bedehuset regelmessig. Bedehuset i sentrum vert berre (i heldigaste fall) besøkte i større samlingar. Det daglege kristenlivet vert borte frå bedehuset.

Og som ein sum av dette vil vi på ny understreka det som gjennom heile boka har vore eit viktig poeng. Vennesamfunnet i det frie bedehuset knytt til lekmannsrørsla er beste nøringskjelde for «det gamle lekmannsarbeidet» sine ideal og teologiske profil.

Utan bedehus – i arbeidskyrkjer t.d. – kan nok organisasjonane vara sitt organisatoriske sjølvstende, og finna måtar å nå nye grupper på. Men som *heim og misjonsstasjon* for alle som ønskjer å fylka seg under lekmannsrørsla sine ideal treng vi bedehus. Bedehuset er naturleg ramme om eit allsidig lekmannsarbeid til frølse og signing for folket.

Sluttord

Det er viktig at vi lærer av fedrene. Ideala står klare. Men vi skal ikkje vera opptekne av fortida på den måten at vi står handlingslamma i nåtida og redde for å møta utfordringane i framtida.

DVI høyrer til dei organisasjonane som ønskjer å hevda lekmannsrørsla sine ideal klart og radikalt. Slik må vi be om at det framleis kan vera. Men det er viktig at vi prøver oss med våre liv og arbeid for Guds andlet. Kjølæg radikalisme gagnar ikkje det arbeid som skal halda for æva. «Radikalismen» må vera ånds-boren og grunnfesta i Guds Ord. I samsvar med dei gamle pietistane skal vi også vera meir radikale med oss sjølve enn med andre. Då syner radikalismen seg ikkje gjennom døde monument, men gjennom levande menneske som brenn for Jesus!

«La nu vi legfolk ikke innbille oss at vi har tatt patent på vekkelsesarbeidet her i landet. Det høres stundom slik ut. Men innbiller vi oss *det*, er vi snart ferdig. Gud bruker den han vil. Og han står den hovmodige imot.

Men den ydmyge gir han nåde. La oss aldri glemme det! Og måtte Gud derfor få gi det norske legfolk denne sanne ydmyghets ånd, da har det ennu en stor oppgave å løse blandt det norske folk.»

Slik uttrykte Johannes Solem seg i 1934.

Gud gje at vi kan vera like audmjuke og frimodige!